



Å rydde i fortida – for framtida

Prioritering, avhending og destruksjon i
museumssamlingar

Heidi Seilfaldet og Anne Bjørke



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway

BYMUSEET.

BYMUSEET I BERGEN

Utgitt av Kulturrådet i 2017
Alle foto: Bymuseet i Bergen
ISBN: 978-82-8105-131-7 (PDF)
ISBN: 978-82-8105-129-4 (Papir)

Kulturrådet
Mølleparken 2
Postboks 8052 Dep
N-0031 Oslo
Tlf: +47 21 04 58 00
post@kulturradet.no
www.kulturradet.no

INNHOOLD

| | |
|--------------------------------------|----|
| FORORD | 4 |
| INNLEIING | 5 |
| VURDERINGAR KRING PRIORITERING | 7 |
| JURIDISKE VURDERINGAR | 12 |
| ETIKK | 16 |
| PRIORITERING I SAMLINGANE | 19 |
| PRAKTISK GJENNOMFØRING AV PROSJEKTET | 24 |
| AVSLUTNING | 32 |
| LITTERATURLISTE | 34 |
| BIBLIOGRAFI | 36 |
| VEDLEGG | 37 |

Forord

Denne rapporten gir eit innblikk i refleksjonar og erfaringar som er gjort i arbeidet med utarbeiding av dokumentet «Retningslinjer for prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske museumsgjenstandar» og utprøving av verktøy for å gjennomføre prioriteringsarbeid i kulturhistoriske samlingar.

Bymuseet i Bergen tok initiativ til eit samarbeid med Oslo Museum og Randsfjordmuseene AS, avdeling Hadeland Folkemuseum, og fekk i 2013 innvilga midlar frå Kulturrådet til eit to-årig prosjekt. Heidi Seilfaldet vart tilsett som prosjektleiar og det vart oppretta ei styringsgruppe for prosjektet med følgjande deltakarar:

Anne Bjørke, samlingsleiar ved Bymuseet i Bergen
Kristin Gaukstad, avdelingsleiar for dokumentasjon og samlingar ved Oslo Museum

Grethe Johnsrud, samlingsansvarleg ved Randsfjordmuseene AS, avd. Hadeland Folkemuseum

Per Øyvind Riise, direktør ved Bymuseet i Bergen
(sommar 2013 – sommar 2014)

Heidi Seilfaldet, prosjektleiar ved Bymuseet i Bergen

Rapporten tar både for seg generelle, juridiske og etiske vurderingar og utfordringar, samt ulike tiltak som kan verte resultat av eit prioriteringsarbeid. Det er vidare fokus på erfaringar frå den praktiske gjennomføringa av to ulike prioriteringsprosjekt i regi av Bymuseet.

I det aktive prioriteringsarbeidet som er gjennomført, er det tilsette ved Bymuseet i Bergen det er referert til der det er brukt *vi* i teksten.

Takk til styringsgruppa for konstruktive innspel og godt samarbeid i prosjektperioden, og til leiinga ved dei tre musea for å prioritere ressursar inn i dette prosjektet, vel vitande om at det kunne bli oppfatta både som nybrottsarbeid og som kontroversielt. Tilsette ved Bymuseet, og då spesielt alle i samlingsavdelinga, har lagt ned enormt med arbeidstid og krefter i prosjektet, stort sett med eit smil om munnen og oppbretta ermer uansett korleis dei fysiske forholda har vore – tusen takk for innsatsen!

Vi vonar at rapporten kan gi konstruktive innspel til andre som skal ta fatt på prioritering i samlingane og at våre erfaringar kan bidra til at fleire museum vel å prioritere å prioritere. Vi trur museumssamlingar vert betre om fleire vågar å stille kritiske spørsmål til kva vi skal bruke ressursar på å forvalte og utvikle.

Innleiing

Magasinplass ble ellers funnet hvor det helst lot seg gjøre i bygningen, i kjellere, bak festsalen osv. , i det hele lite tilfredsstillende rom og rystende brannfarlige. Slik vokste museet i stillhet, usynlig for publikum og til uro og bekymring for den ansvarlige styrer.

Dette skriv Haakon Shetelig i boka Norske museers historie, som kom ut i 1944¹. Sitatet over er henta frå skildringa av forholda ved Oldsaksamlingen ved Universitetet i Oslo på siste halvdel av 1800-talet. 150 år etter denne situasjonsskildringa kjenner nok mange museumstilsette seg att når det gjeld alle dei meir eller mindre eigna lokala som er tatt i bruk som magasin. Nivået for kva som vert vurdert som akseptable bevarings- og sikringsforhold har endra seg, men den same kjensla av uro for kva overfylte og ueigna magasin har å seie for samlinga på sikt, er framleis gjeldande mange stadar i dag.

Innsamling og bevaring er ein del av kjerneverksemda ved musea. Samlingane av gjenstandar, bygningar og andre vitnemål om levemåtar og livsvilkår er eit fellesgode, og musea har eit ansvar for å bevare og forvalte desse på best mogeleg måte på vegne av samfunnet. Endringar i musea sine oppgåver og tematiske ansvarsområde stiller nye krav til korleis musea skal oppfylle si rolle. I ei aktiv samlingsforvaltning må ein stille spørsmål ved dei eksisterande samlingane for at utviklinga skal vere berekraftig og for at ein skal kunne seie at forvaltninga skjer etter medvitne val til det beste for samfunnet.

Bymuseet i Bergen har store gjenstandssamlingar, og standarden på hus og rom som er i bruk som magasin varierer. Vi veit at mange lokale ikkje er gode nok, og at delar av samlingane ikkje er registrert eller vurdert. Ein følgje av dette er at museet ikkje har god nok oversikt over kva vi har og kva tilstand materialet i samlingane er i. Ein del gjenstandar har blitt øydelagde grunna ueigna lokale. Vi veit at mange andre museum opplever liknande situasjonar.

Styret for Bymuseet vedtok i 2011 å setje av vesentleg

meir pengar til magasinering av samlingane ved å omprioritere innanfor eigne økonomiske rammer. I 2012 vart det inngått ein langsiktig leigeavtale på 1200 m² i eit godt eigna bygg, og i november 2015 vart lokalet kjøpt av Bymuseet. Dette vil endre bevarings- og sikringsforholda totalt for store delar av samlingane vi forvaltar.

I fleire tiår har magasinane vore så overfylte at det ikkje har latt seg gjere å drive aktiv innsamling – og då heller ikkje å ta i mot gjenstandar frå vår nære fortid og samtid. Delar av samlingane verkar å vere tatt i mot på nokså tilfeldig grunnlag, noko som nok heller ikkje er spesielt for Bymuseet i Bergen. Om dette hadde fått stå uendra, ville vi gått inn i framtida med samlingar med store manglar, både fordi det er sentrale gjenstandstypar vi ikkje har og fordi vi har relativt mykje av enkelte gjenstandstypar. Våre etterkomarar ville ha grunn til å spørje seg kvifor vi ikkje gjekk gjennom og gjorde medvitne val om kva vi skulle bevare vidare. For å gjennomføre prioriteringar i museumssamlingar der utfallet kan verte vedtak om avhending eller destruksjon, treng ein retningslinjer og ein gjennomtenkt metode. I Noreg har ikkje prioritering i museumssamlingar vorte debattert breitt i museumsmiljøa før dei siste åra. I den grad det har vore diskutert, så har gjerne tiltak som avhending og destruksjon vorte konkludert med som for tidkrevjande, juridisk komplisert og etisk utfordrande – og dermed noko ein ikkje har valt å gå meir aktivt inn i.

For å kunne ta tak i desse utfordringane søkte Bymuseet midlar hjå Kulturrådet til eit prosjekt for å utarbeide retningslinjer for prioritering, avhending og destruksjon i kulturhistoriske museumssamlingar og for å prøve ut metodar for å gjennomføre prosessen. Prosjektet gjekk over to år (frå sommar 2013) og var eit samarbeid med to andre museum: Oslo Museum og Randsfjordmuseene AS, avdeling Hadeland Folkemuseum. Alle tre musea er opptekne av samlingsutvikling og -revisjon. Felles er òg at samlingane dekkjer vide kulturhistoriske felt og at oversikta over samlingane varierer stort.

¹ Shetelig 1944:39

Prosjektet munna ut i eit forslag til retningslinjer for prioritering, avhending og destruksjon av museumsgjenstandar som vart sendt ut på høyring i april 2015. Det kom i alt 28 høyringssvar og etter noko omarbeiding på bakgrunn av innspel, vart endeleg tekst sendt til Kulturrådet i juni 2015. Retningslinjene vart publisert av Norsk Kulturråd i september 2015². Denne rapporten set utfordringane kring prioritering inn i ein kontekst og deler erfaringane vi har hatt med gjennomføring av arbeidet.

Dei aller fleste musea i Norge har felles utfordringar når det gjeld etterslep i registreringane, og manglar ei fullstendig oversikt over kva vi faktisk har i samlingane vi forvaltar. Delar av gjenstandsmengda er overlappende, og noko står kanskje til og med fram som framandelement i samlinga. Ein del gjenstandar forsterkar og framhevar museet sin profil, medan andre ting enten fell utanfor museets profil eller er i ein slik tilstand at ein må vurdere om ein skal bruke

ressursar på bevare det vidare. *Samlingsutvikling* har dermed vore det overordna målet med prosjektet: å utarbeide retningslinjer og prøve ut verktøy som kan nyttast til å prioritere i samlingane. Kva skal museet ta vare på vidare? Kva vil vi velje å avhende? Bør noko destruerast? Og korleis kan vi gjere det? Men utfordringane har ikkje berre knytt seg til mengd. Den samlinga musea skal ta med seg inn i framtida må spegle museets historie med tanke på fokuset det har hatt frå etableringa til i dag. Ikkje minst bør grundige prioriteringsprosessar gi ei stødigare plattform å stå på når ein skal formulere mål for vidare innsamling.

Denne rapporten drøftar først behovet for prioritering i museumssamlingar, samt juridiske og etiske problemstillingar der avhending og destruksjon er aktuelle utfall av prioriteringsprosessar. Vidare er det ei skildring av prosessen og tenkjelege utfall. Til slutt fortel vi om gjennomføringa av arbeidet og erfaringane vi hausta i prosjektet.

² Kulturrådet 2015. Retningslinjer for avhending. Prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske museumsgjenstandar

Vurderingar kring prioritering

Det «typisk» norske museet har sitt utspring i den tradisjonelle folkemuseumsmodellen, og forvaltar samlingar som er resultat av redningsaksjonar; brytingstider og samfunnsendringar gjorde ting overflødige og innsamlingsarbeidet gjekk ut på å redde det som var i ferd med å gå tapt³. I mange tilfelle var det eldsjeler/privatpersonar som drog på samlingsferd, og visjonen var enkel nok: Samlinga skulle ofte ha ein regional funksjon, og det stod om å dokumentere regionen si fortid. Etter kvart vart det meir fokus på formidling og å halde ope for publikum. Innsamling gjekk som regel over i ein meir passiv fase, ved at privatpersonar, bedrifter eller organisasjonar kontakta museet og tilbydde noko som gåve til samlingane. Tilsette eller frivillige kontaktpersonar skulle så ta stilling og seie nei eller ja. I mange tilfelle har det vore dårleg oversikt over kva ein hadde frå før, i tillegg til at mange har opplevd det som vanskeleg å takke nei. Passiv innsamling er framleis mange stadar den vanlegaste forma for innsamling.

Etter at musea fekk tilsett fagpersonale har fokus ofte vorte utvida til òg å dokumentere vår nære fortid og samtid, men resultatet har langt på veg vore det same; dei fleste musea har samla på «alt». Mange stader samlar også ivrige venelag inn på museet sine vegne. Når innsamlingstempoet i lang tid har overgått ressursane knytt til forvaltning, oppstår det velkjende problemet med etterslep: mykje av materialet er ikkje vurdert eller registrert, og ein har gjerne ikkje oversikt over kva ein har. Med nye generasjonar av tilsette og endringar i kva musea skulle fokusere på, har opplysningar om gjenstandens historikk i ettertid blitt vanskeleg å finne. Sjølv utan opplysningar om proveniens kan ein del av gjenstandane komplettere og forsterke samlingane, men vi vil hevde at det er mange gjenstandar i norske museumssamlingar som ein ikkje utan vidare kan forsvare å bruke offentlege ressursar på vidare forvaltning av.

Erkjenninga av at samlingane veks oss over hovudet er ikkje ny. I skriftet som vart gitt ut ved 25-års jubileet til Hordaland Landbruksmuseum (seinare Hordamuseet, no del av Bymuseet i Bergen) i 1971 vart det gjort opp status for museumsarbeidet, m.a. for samlarverksemda:

Dei to barakkane er overfylte av museumsting og ein har difor måtte gå til stenging av samlingane for publikum. Samlarverksemda held fram med full styrke⁴.

Vi skal ha forståing og respekt for den innsatsen som har blitt lagt ned på dugnad og frivillig basis, men utfordringane med relativt store mengder gjenstandar ofte utan kjend historikk og dels i dårleg stand, krev aktive val. Ei god samlingsutvikling er vanskeleg når ein ikkje har tilstrekkeleg akseptable lokale, noko som gjer prioritering desto viktigare. Ein god start vil vere å ta stilling til korleis ein skal handtere gjenstandar som er øydelagde, som manglar sentrale delar og som ikkje lenger let seg tolke. Ei anna problemstilling er at det ikkje alltid er tydeleg om ting som fins i museet sine lokale har vore meint som museumsgjenstandar eller om det er ting som har komme dit av andre årsaker.

Praksis i Noreg

Avhending og destruksjon er tema som nærast har vore tabu i den offentlege museumsdiskursen i Noreg i fleire tiår. I den grad det har vore diskutert, har utfallet i stor grad vore ein slags konsensus om at dette er for komplisert, både juridisk og etisk sett, og dermed noko som ikkje har vorte vurdert som god praksis.

Ein ting er kva jussen og etikken seier om avhending og destruksjon, noko anna er kva som faktisk skjer i kvardagen på musea. Enkelte museum har gjennomført avhending og destruksjon i praksis før arbeidet med retningslinjene tok til. Erfaringar ved m.a. Oslo

³ Eriksen 2009:119ff

⁴ Hordaland Landbruksmuseum 1971:21

Museum og Forsvarsmuseet⁵ viser at dette slett ikkje er umogeleg å gjennomføre.

I høve til etikken vil det alltid vere eit noko uklårt landskap fordi mykje av etikken byggjer på musea sin praksis det siste hundreåret. Etablert god praksis blir gjerne felt ned i felles standardar, og dette finst internasjonalt på ulike nivå. I særstilling står ICOM sitt museumsetiske regelverk⁶ og SPECTRUM⁷ som ein internasjonalt anerkjend standard for samlingsforvaltning og som no er oversett til norsk.

SPEKTRUM standard for samlingsforvaltning

SPECTRUM er ein standard forvalta av britiske *Collections Trust*, som inneheld 21 ulike prosedyrar innan samlingsforvaltning. Avhending er ein av desse prosedyrane. Standarden har vore utvikla sidan 1980-talet, og ligg no føre i sin fjerde versjon. SPECTRUM skal ikkje vere normativ i tydinga at den har som formål å endre praksis ved musea, men skal vere basert på etablert «best practice» og vere skalérbar frå små samlingar til store nasjonale museum. Dei ulike prosedyrane inneheld ein minimumsstandard som legg lista for krav til samlingsforvaltning. Vidare inneheld prosedyrane ei rutineskildring i form av eit flytdiagram som viser ein måte å ivareta minimumskrava. Så lenge minimumsstandard er oppfylt, står musea fritt til å bruke andre rutineskildringar eller flytkart enn dei som følgjer med SPECTRUM.

Retningslinjene for prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske museumsgjenstandar innfrir minimumsstandard til prosedyren for avhending, og er meir detaljert enn rutineskildringa i prosedyren. Museum som vel å følgje desse retningslinjene vil dermed også ha ein praksis innanfor SPECTRUM sine krav. SPECTRUM vart lansert på norsk i september 2016.

Praksis elles i Europa

I Europa kom prioritering i samlingane spesielt fram i lyset etter at Nederland utarbeidde sin *Delta-plan* i 1989⁸, som tilrådde ein storstilt reduksjon i samlingane til nederlandske museum. Dei første retningslinjene på feltet vart vedtatt i 2000, og i 2006 kom oppdaterte retningslinjer⁹. Ein har jobba systematisk med

relaterte spørsmål i fleire tiår, og prioriteringsprosesser er i dag ein innarbeidd del av forvaltningsarbeidet ved dei aller fleste musea i landet. Vi har dradd nytte av deira erfaringar gjennom både studiebesøk, ved å hente inn foredragshaldar på seminar og ved å prøve ut ein prioriteringsmetode utvikla i Nederland.

Storbritannia har vore i forkant når det gjeld utarbeiding av nasjonale standardar som også dekkjer prosedyre for avhending/destruksjon. I tillegg har Museums Association (det britiske museumsforbundet) utarbeidd *Disposal Toolkit*¹⁰, retningslinjer som gir detaljerte råd rundt prosessen med å identifisere gjenstandar som skal takast ut av samlingane og for å sikre at det skjer på ein etisk måte. Britiske museum har i dei siste åra blitt utfordra på si samfunnsrolle og korleis dei kan nytte samlingane sine i nye og meir opne former, der avhending frå samlingane ofte har vore ein av konsekvensane. Vi har vore i diskusjon med representantar frå britiske museum og organisasjonar som har jobba aktivt med feltet, og på denne måten fått inspirasjon i det vidare arbeidet.

I Danmark har det vore ei tilsvarande haldning til «udskillelse» frå samlingane som det har vore i Noreg, men dette har endra seg siste åra. Sidan 2006 har Kulturministeriet, i lag med musea, utvikla ein prosedyre, som på den eine sida tar opp i seg ei rekke etiske aspekt og søker å sikre bevaringsverdig kulturarv, men som på den andre sida gjer det praktisk mogeleg å avhende eller destruere gjenstandar/verk/preparat som manglar forskings- eller formidlingsmessig verdi¹¹. Musea må søkje Kulturministeriet om løyve til å gjennomføre ein sokalla «udskillelse» ved å sende inn gjenstandslistar med foto og bakgrunnsinformasjon. Søknaden vert så vurdert med utgangspunkt i gjenstandane sin potensielle verdi for forskning og formidling. De «statsanerkendte» musea har sidan 2006 tatt rundt 50-60.000 gjenstandar ut av samlingane¹².

Svenske museum har inntil siste åra arbeidd mindre med dette på nasjonalt plan, men enkelte museum har utarbeidd egne strategiar på feltet. Ein har vald å nytte omgrepet «gallring» (luking) om avhending og destruksjon. I 2010 publiserte *Centralmuseernas samarbetsråd* (dei statlige musea) ein rapport med felles retningslinjer for *gallring* for de statlige musea¹³. Ambisjonen var at alle dei statlege musea i løpet av to år skulle ha klar ein *gallringpolicy* basert på dei felles retningslinjene. I rapporten vart det òg foreslått at ein skulle sjå nærare på om liknande retningslinjer

⁵ Antonsen, Askild 2012

⁶ ICOM 2014

⁷ SPECTRUM 2011

⁸ Kirby Talley, M. Jr. 1999

⁹ Bergevoet, F., Kok, A., de Wit, M. 2006

¹⁰ Disposal Toolkit 2014

¹¹ *Vejledning til udskillelse* 2015

¹² Epost-korrespondanse i august 2015 med Hans-Henrik Landert, Kulturstyrelsen i Danmark.

¹³ Centralmuseernas samarbetsråd 2010

som i Storbritannia eller Nederland kunne innførast i Sverige. Utfordringane vart tatt vidare i form av ein konferanse i Stockholm i 2012, *Gallringens etik*¹⁴. Riksförbundet Sveriges museer (RSM) sende *Disposal toolkit* frå Museum Association ut på høyring i 2013. Høyringsrunden viste at mange i stor grad var positive til å bruke dette som grunnlag for svenske retningslinjer og Riksantikvarieämbetet ferdigstiller no arbeidet med omsettinga av *Disposal toolkit* til svensk i samarbeid med svenske ICOM, RSM og ei arbeidsgruppe frå nokre museum¹⁵. Hausten 2015 vart den svenske omsettinga av SPECTRUM ferdigstilt. Spørsmål rundt prioritering i museumssamlingar er no svært aktuelt etter at museumsutgreiinga, *Ny museipolitik* vart offentleggjort i november 2015¹⁶. Det er mellom anna foreslått at ein i ei ny lov skal fastslå at «musea har i oppdrag å aktivt forvalte sine samlingar for å nå verksemdene sine mål». Forslaget inneber at dei statlege musea lettare skal kunne *gallra* (luke) og gi vekk museumsgjenstandar til andre enn statlege museum, og til og med destruere gjenstandar. Slik det er no er det krav om eit regjeringsvedtak. Som følgje av utgreiinga har samlingar, *gallring* og samlingsforvaltning vorte diskutert meir, både museumstilsette i mellom og i media¹⁷.

Kvifor prioritere i samlingane?

Gjennom Stortingsmelding nr 49 (2008-2009) *Framtidens museum* satsar staten på eit sterkare fokus på forvaltning av samlingane ved å la dette vere eitt av fire hovudmål:

*Museenes samlinger skal sikres og bevaras best mulig for ettertiden og gjøres tilgjengelig for publikum og for forskning. Viktige delmål vil være gode sikrings- og bevaringsforhold samt prioritering og koordinering av samlingene.*¹⁸

Det er skilnad mellom prioritering *av* og *i* samlingane. Prioritering av samlingane handlar om ressursar til generell samlingsforvaltning: registrering og dokumentasjon av gjenstandane, gode nok magasin, førebyggjande konserveringstiltak og eit logistikksystem som gjer at ein finn igjen gjenstandane. Prioritering i samlingane er t.d. å reservere dei beste bevaringsforholda for det ein meiner er dei *viktigaste* gjenstandane for museet, vurdere kva ein skal bruke konserveringsressursar på framover, kva som kan omdefineras til bruksgjenstandar eller rekvisitter, og kva ein eventuelt ikkje skal bruke ressursar på å bevare vidare. Det inne-

ber dermed også å ta stilling til kva som eventuelt ikkje høyrer heime i samlingane.

ABM-Utvikling ga i 2009 ut rapporten *Vel bevart? Tilstandsvurdering av museumssamlingar*¹⁹. Rapporten var resultatet av ein landsomfattande gjennomgang av samlingane ved norske museum, gjennomført i perioden 1999-2008. Målet med prosjektet var å vurdere oppbevaringsforholda for gjenstandane i musea med tanke på klima, lys, vasskader, handtering og reinhald, samt tjuveri- og brannsikring. Rapporten viser at store delar av samlingane manglar dokumentasjon og er plassert i ikkje tilfredsstillande lokale med manglande oversikt. Det generelle inntrykket er at samlingsforvaltning ikkje har vore høgt prioritert mange stader. Mykje har endra seg dei siste åra, og mange museum prioriterer no dette arbeidet høgare enn tidlegare. Det har vore større fokus på det i tildelingsbrev og som tema i ulike samanhengar. Likevel er det vår bestemte oppfatning at det er eit klart behov for prioritering i samlingane slik situasjonen er ved mange norske museum, med dels tilfeldig samansette samlingar som ein ofte har dårleg oversikt over. Vi meiner at musea har eit ansvar for å overlevere samlingane i betre stand til neste generasjon, noko som inkluderer betre bevaringsforhold, betre oversikt og meir representative samlingar.

Det kan vere ulike og samansette årsaker til at ein vel å setje i gong ein prioriteringsprosess. I det følgjande er nokre av dei vanlegaste omtala.

Oversikt

I St.meld. nr 49 (2008-2009) *Framtidens museum* vart det stilt følgjande krav til ei tilfredsstillande registrering:

*En tilfredsstillende registrering består av opplysninger om objektets betegnelse/tittel/motiv (for foto), tid- og stedfesting, aksjonsdata, plassering og tilstand. Objektet skal videre ha et unikt identifikasjonsnummer, gjengis med fotografi og opplysningene skal innføres i et elektronisk registreringssystem. Det er en målsetting at opplysninger om gjenstandene i størst mulig grad skal være tilgjengeliggjort og søkbare over nett*²⁰.

Tal frå *Vel bevart* viser at 52 % av det undersøkte materialet var vurdert å vere tilfredsstillande registrert, men berre 15 % av dette var tilgjengeleg digitalt (s. 13)²¹. Går vi til museumsstatistikken for 2014 ser vi at restansen på elektronisk registrering er i ferd med å

¹⁴ Informasjon om konferansen: <http://www.sverigesmuseer.se/wp/wp-content/uploads/2012/08/Gallringens-etik-19-okt.pdf>

¹⁵ <http://www.k-blogg.se/2016/03/29/gallring-pa-svenska/>

¹⁶ *Ny museipolitik*, SOU 2015:89

¹⁷ Informasjon per e-post frå Annika Carlsson, Riksantikvarieämbetet i april 2016.

¹⁸ St.meld. nr. 49:13

¹⁹ ABM-Utvikling 2009, ABM-skrift #59.

²⁰ St.meld. nr 49:90 (2008-2009)

²¹ I arbeidet som danna grunnlaget for rapporten var ikkje tilfredsstillande registrert synonymt med elektronisk registrert.

bli tatt inn; 50 % av gjenstandane er no tilgjengeleg digitalt, men framleis er berre 16 % av dette tilgjengeleg på internett med foto²². Ein ser altså at musea har fokusert meir på samlingsforvaltning ved å skaffe seg betre oversikt over det dei har. Det er godt nytt, men det er likevel ein veg å gå når 50 % av samlingane framleis står utan digital registrering.

For å kunne gjere reelle prioriteringar i samlingane er første bod å få oversyn over gjenstandane – det at ein veit kva ein har og kvar ein har det. Det gjeld også om musea skal kunne oppfylle kravet om at samlingane skal gjerast tilgjengelege for publikum og for forskning. Dette får ein berre ved å gå gjennom samlingane, gjenstand for gjenstand, gruppe for gruppe.

Magasinkapasitet

Dei aller færraste kulturhistoriske musea i Norge har store nok og gode nok magasin. Dei fleste stader er kulturhistoriske bygningar tatt i bruk, og mange stader har det handla om å få sett dei største tinga under tak. *Vel bevart*-rapporten avdekkja at nær 70 % av magasinarealet ved dei undersøkte musea ikkje var tilfredsstillande, og nær halvparten av det magasinerte materialet var oppbevart i desse dårlege lokala. Rundt 45 % av gjenstandane som stod i desse bygningane hadde behov for forbedrande tiltak, enten førebyggjande tiltak som t.d. flytting, omorganisering og lysskjerming eller meir direkte konserveringstiltak. I museumsstatistikken for 2014 vart musea for første gong bedt om å rapportere på kor store delar av samlingane som er oppbevarte under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve. I snitt svarte musea at dette gjaldt for 56 % av samlingane på landsbasis. På fylkesbasis varierer svara veldig, og det kan vere grunn til å stille spørsmål ved om alle har brukt nokolunde like kriterier når ein skulle vurdere.

Realistisk sett er det vanskeleg sjå for seg ei offensiv utbygging av nye magasin med svært gode klima- og bevaringsforhold i åra framover, og difor vil det for mange i stor grad framleis handle om å gjere det beste ut av den bygningsmassen ein disponerer eller få

til leigekontraktar i eigna lokale. Mykje kan forbetrast med ei omorganisering av lokala og det som fins i dei, og endå lengre kan ein kome med enkle inngrep som t.d. lysskjerming eller å løfte gjenstandar opp frå golvet. I tillegg kan ein del bygg utbetrast ved ekstra isolering og få installert avfuktar/befuktar. Dette kostar òg pengar, om enn i langt mindre skala enn ved nybygg. Til gjengjeld er det tiltak som det ofte kan vere vanskeleg å få ekstra pengestøtte til fordi det vert sett på som ein del av den ordinære drifta ved museet. Ein må då arbeide for interne prioriteringar for å betre magasinforholda. Slike prosessar vil ofte medføre behov for å prioritere i samlingane.

Betre ressursutnytting

Ved dei fleste musea har ein knappe personalressursar til samlingsforvaltning og ein må sikre at desse vert brukt på best mogeleg vis. Då må ein gjere aktive val i forhold til kva dei tilsette skal bruke tida si på i framtida, noko som medfører at ein må legge ned ein innsats for å lette arbeidssituasjonen framover. I mange tilfelle vil ein ha nytte av å rydde i magasin og fjerne ting som openbart ikkje er museumsgjenstandar. Deretter bør ein vurdere å setje i gang ein prioriteringsprosess for heile eller delar av samlingane.

For å illustrere vinsten ein kan få ved å fjerne gjenstandar ein meiner ikkje høyrer heime i samlingane, har vi rekna på kva det kostar Bymuseet å magasinere. Berre reine leigekostnader for ein spisestovestol i nytt magasin er rekna til minimum 100 kr per år. I tillegg kjem kostnader til dokumentasjon, sikring og førebyggjande tiltak (som t.d. reingjering og klimatil-tak). I samband med prioriteringsprosjektet destruerte vi 100 øydelagde stolar, og fekk dermed frigitt magasinplass tilsvarande 10.000 kroner årleg. Målet må vere at vi i framtida skal bruke ressursane på å bevare og sikre materiale som vi etter grundig vurdering meiner har ein rettmessig plass i samlinga.

²² Kulturrådet 2015. *Statistikk for museum 2014*.



Eit uoversiktleg magasin med dårlege bevarings- og sikringsforhold kan vere årsak til å setje i gang ein prioriteringsprosess.



Store mengder relativt like gjenstandar kan også vere bakgrunnen for at eit museum vel å prioritere i samlingane.

Juridiske vurderingar

Utgreiingar om avhending

I det norske museumsmiljøet var det lenge ei nokså gjengs oppfatning at avhending og destruksjon er svært komplisert og noko ein ikkje bør bruke ressursar på. Frå statleg hald er det produsert to utgreiingar om temaet, og begge viser at det er mogleg å avhende og destruere museumsgjenstandar med lov i hand. Det rådande inntrykket har likevel vore at avhending og destruksjon er komplisert og vanskeleg; nærmast ulovleg. Dette er ei misforståing som etter vår meining har fått unødvendig næring ved at utgreiingane først og fremst presenterer hindringane. Saman med ei oppfatning blant mange museumstilsette av at samfunnet forventar at musea oppbevarer gjenstandar til evig tid og at det er uetisk å «overprøve» våre forgjengarar sine avgjerder, har dette ført til at mange har meint at dette er så juridisk og etisk komplisert at det nærmast blir forkasteleg å bruke knappe museumsressursar på det.

Utgreiinga *Rettslige skranker for museenes avhending av museumsgjenstander* er rekna som hovudverket i diskursen kring avhending.²³ Dokumentet kom ut i 1997 og vart skriva av juristen Lars G. Norheim på oppdrag frå dåverande Norsk Museumsutvikling (NMU). Målet var ei avklaring av dei juridiske hindringane for musea sin rett til å avhende gjenstandar. Sjølv tittelen på utgreiinga slår an ein negativ tone, og medverkar etter vår meining til å forsterke oppfatninga av avhending som noko problematisk. Trass dette viser han at korkje vedtekter, testament eller gåvobrev treng gjelde evig, dei kan endrast og tilpassast dei nye oppdraga musea har fått som følgje av museumspolitiske reformer og samfunnsmessige endringar. Slike endrings- og omdanningsprosessar tek tid, men dei let seg gjere. Språket i utgreiinga kan verke tungt, noko som truleg også har forsterka inntrykket av at dette

er komplisert. Musea sine egne vedtekter er det mest sentrale dokumentet i spørsmål som gjeld avhending frå samlingane, men også stiftingslova kan regulere dette, ifølgje Norheim. Vidare kan gåvobrev og testament som stiller konkrete krav til museet vere til hinder for eit ønske om å avhende ein gjenstand.

Ei anna utgreiing som tek opp dette temaet er dokumentet *Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger*.²⁴ Arbeidet kom i stand som ein direkte konsekvens av at Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) fremja ønske om å få tilbakeført alt før-reformatorisk materiale frå Rogaland som var på universitetsmusea i Bergen og Oslo. Problemstillingane dreiar seg dermed først og fremst om tilbakeføring eller repatriering. I eit eige avsnitt i kapittel 4 vert dei juridiske stengslene drøfta (s. 22-23), og stiftingslov, kulturminnelov, åndsverklov, vedtekter, testament og gåveløfte er nemnt som slike juridiske stengsler. Vidare drøftar utgreiinga andre hindringar, som t.d. at materialet sin nytteverdi som forskingsmateriale ved eit større forvaltningsmuseum bør vege meir enn ei lokalbefolkning sitt ønske om å oppbevare materialet lokalt. Det blir også vist til at lokale museum ofte manglar kompetanse og lokale til å ta seg av det aktuelle materialet.

Styringsgruppa for vårt prosjekt engasjerte dr. juris Thomas Eeg, professor ved Universitetet i Bergen, for å gå gjennom Norheim si utgreiing og sjå nærare på mulighetene musea har til å avhende museumsgjenstandar. Som resultat av dette arbeidet leverte Eeg to dokument: eit ikkje-publisert dokument – ei sokalla *betenkning*²⁵, som var direkte svar på spørsmål gruppa stilte, og eit manuskript til eit foredrag han heldt på seminar i regi av prosjektgruppa i mars 2014.²⁶

²⁴ NMU skriftserie 5:2000

²⁵ Eeg, T. 2014a

²⁶ Eeg, T. 2014b

²³ NMU skriftserie 3:1997

Etter at Eeg gjekk gjennom Norheim si utgreiing har vi fått stadfesta at dei juridiske hindringane for avhending og destruksjon finst i ein del tilfelle. Dørene treng likevel ikkje bli verande låste til evig tid, og musea har sjølv nøklane til å låse opp fleire av dei. Hindringane er ikkje så store at det er uoverkommeleg å få gjort noko med dei. Vi tilrår alle som skal arbeide aktivt med prioritering i samlingane om å lese nøye gjennom publikasjonen. Vi tar likevel med nokre av hovudpunkt frå det skriftlege materialet og frå føredraget i mars 2014.

Så lenge museet eig gjenstanden og ein ikkje kan finne bevis i form av skriftlege pålegg, eller vitne frå då gjenstanden kom i museet sitt eige, står museet normalt sett fritt til sjølve å vurdere gjenstanden si vidare framtid. Ei fagleg vurdering skal ligge til grunn for eventuell avhending eller destruksjon. Ein kan søke Stiftelsestilsynet om omdanning av eventuelle pålegg frå givar/testator. Dersom ein ikkje kan påvise at museet er den rettmessige eigar av ein gjenstand, må ein vurdere nytten av ønskja tiltak opp risikoen for søksmål og verdien av gjenstanden, då retten i eit eventuelt søksmål vil ta den økonomiske verdien med i vurderinga. Eigarstiftinga sine vedtekter og eventuelt andre vedtekne plandokument må opne for ønskja tiltak.

Eeg presiserer også følgjande:

Om man arbeider samvittighetsfullt og prøver å bruke sitt beste skjønn med en nødvendig eller i alle fall faglig begrunnet hensiktsmessig «sanering» av museets gjenstander, er det vanskelig å se for seg at det skal kunne få strafferettslige konsekvenser.

Repatriering, eller tilbakeføring, blir ikkje tatt opp særskilt korkje i retningslinjene eller i denne rapporten, men kan i prinsippet handterast som avhending slik dette blir drøfta her.

Omgrepsavklaringar

I drøftingane i styringsgruppa kom det ofte opp spørsmål om kva ein museumsgjenstand er. Når blir ein gjenstand ein museumsgjenstand? I utgreiinga frå 1997 avgrensa Norheim på si side museumsgjenstand på denne måten:

*Med «gjenstander» menes museumsgjenstander, ikke inventar, publikasjoner, gjenstander for salg i museumsbutikkene o. l.*²⁷

Ettersom denne definisjonen også omfattar dei store mengdene med uregistrert materiale vi veit fins i dei

fleste musea ønskte vi å finne ut om dette materialet kan vurderast på ein enklare måte enn det som er registrert, slik at ein muleg definisjon av museumsgjenstand kunne avgrensast til nettopp registrerte gjenstandar. Ei slik avklaring kunne ikkje Eeg gi oss:

*Det er etter min mening neppe nødvendig (med ein juridisk definisjon av ein museumsgjenstand, vår merknad), for det er neppe hvorvidt en ting/gjenstand faller under et slikt begrep som er avgjørende for hvilken adgang museet har til å anvende tingen. Som utgangspunkt må det være mulige begrensninger for å avhende de enkelte gjenstander som er juridisk relevant.*²⁸

Dermed kan vi ikkje ta lettare på restansar og uregistrerte gjenstandar enn på registrerte og/eller akseksjonsførte gjenstandar, så lenge dei finst på museet sin eigedom. Unntak gjeld sjølvstilt inventar og utstyr som inngår i den daglege drifta av institusjonen, eller gjenstandar som etter alt å dømme ikkje har vore meint som museumsgjenstandar, som til dømes eldre kontorutstyr eller utstillingsrekvisittar som feilaktig har hamna i magasin.

I den norske museumsdiskursen har omgrepsbruket rundt det å ta gjenstandar ut av samlingane vore noko forvirrande ved at omgrep som avhending og kassasjon har vore brukt om kvarandre. For å unngå misforståingar og klargjere forskjellen har vi valt å bruke omgrepa **‘avhending’** og **‘destruksjon’**. Eeg understrekar at i forhold til norsk lov må det vere ein juridisk eigar ved avhending.²⁹ Det kan skje i form av gåve eller sal, og ny eigar kan vere eit anna museum, lag/organisasjon eller ein privatperson. Dersom gjenstanden vert vurdert å vere av så liten interesse for andre at det vert vedtatt at den skal fysisk destruerast, så nyttar vi omgrepet destruksjon. Ei muleg årsak til forvirringa kan vere at International Council of Museums (ICOM) ikkje nemner destruksjon i sitt museumsetiske regelverk.³⁰ Det er mogeleg at det juridiske skillet ikkje finst i alle land. I neste omgang kan dette vere grunnen til at mange museumsvedtekter heller ikkje nemner destruksjon som eit fagleg grep.

Vi kan seie at ein gjenstand formelt er ein del av samlinga dersom den er innlemma ved ein **‘aksesjon’**, det vil seie at den er ført inn i museet sine protokollar eller registreringssystem. Dersom ein gjennomfører ein prioriteringsprosess som endar med vedtak om avhending eller destruksjon, må ein gjere ein sokalla **‘deaksesjon’**. Det vil seie at ein fattar ei formell avgjerd om at gjenstanden ikkje lenger skal vere ein del av den permanente museumssamlinga. Gjenstandar

²⁸ Eeg 2014a:4

²⁹ Eeg 2014a:2

³⁰ ICOM 2014

²⁷ Norheim 1997:13

som ikkje formelt har vore innlemma i samlingane, må likevel vurderast etter dei same juridiske retningslinjene. Prioriteringsarbeidet bør skje med bakgrunn i museet sine overordna planar for samlingane, og bør gjennomførast på ein transparent og etterprøvbar måte av eit myndiggjort organ i museet.

Vedtekter

Musea sine vedtekter regulerer vanlegvis både organisasjonsform, formål og eigarforholdet til samlingane. Mange vedtekter tek opp i seg ICOM sine krav om at musea skal samle inn og dokumentere materielle vitnemål, at dei er permanente institusjonar og at samlingar ikkje kan definerast som realiserbare verdier. Som ein konsekvens av dette har vedtektene ofte fått eit punkt om at gjenstandar frå samlingane ikkje kan avhendast på noko vis. Andre museum har vedtekter som erkjenner avhending som fagleg grep dersom dette er til beste for museet/samlinga, medan i ein del vedtekter vert det ikkje nemnt i det heile. Det kan òg vere at tidlegare versjonar av vedtektene har omfatta forbod mot avhending, men i følgje Eeg vil det ikkje vere nok til å binde museet framleis, sjølv om ein veit at den aktuelle gjenstanden vart gitt til museet i perioden der det stod i gjeldande vedtekter, og at det er mogeleg at dette var motiverande for givaren.

Endring av vedtekter

Dersom ein planlegg å gå i gang med prioritering i samlingane, med avhending/destruksjon som eit muleg resultat, er første bod å sikre seg at ein ikkje bryt med eigarinstitusjonen sine vedtekter. Om eigar har vedtekter som slår fast at gjenstandar ikkje kan *avhendast* eller *destruerast*, må styret eventuelt gjere vedtak som endrar dette. Reglane for dette varierer etter korleis museet er organisert (stifting, aksjeselskap, IKS osv.). Poenget er at vedtekter ikkje er skrive i stein: Dersom eit museum ønskjer å avhende/destruere gjenstandar som er vurdert som overflødige, må ein altså førebu dette i god tid dersom det er behov for å endre vedtektene. Dei enkelte musea kan ha vedteke ulike framgangsmåtar for dette, men ved dei musea som er organisert som stiftingar skal vedtak om endring eller omdanning godkjennast av Stiftingstilsynet. Det er viktig å merke seg at sjølv om vedtektene utelet avhending, så kan gjenstandar likevel destruerast i spesielle tilfelle:

I noen tilfeller kan det tenkes å være hindringer for at gjenstanden gis eller byttes bort, men ikke for at den kastes. Dersom gjenstanden er i en slik forfatning at den ikke kan anses å ha noen verdi som salgsobjekt eller bruksgjenstand, vil jeg anta at kassasjon normalt ikke kan være omfattet

*av eventuelle forbud mot å avhende tingen. Kassasjon og destruksjon anses altså normalt ikke som avhending (...).*³¹

I samband med prioriteringsarbeid ved Bymuseet måtte eigarstyret for Hordamuseet endre vedtektene.³² Inntil 2014 var dette ordlyden i vedtektene:

Samlingane

Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar kan ikkje seljast eller verta gjevne bort. Styret avgjer spørsmål om deponering av gjenstandar.

Dette var eit tydeleg forbod til hinder både for aktive grep i prioriteringsprosjektet, og for ei fagleg god samlingsforvaltning. Styret for stiftinga avgjorde difor at vedtektene måtte endrast på dette punktet, og vedtok i november 2014 ny ordlyd:

Samlingane

Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar skal forvaltast og utviklast etter best mogleg fagleg skjøn samt i samsvar med gjeldande planverk i Bymuseet i Bergen, og med nasjonale standardar og dei etiske retningslinjene til ICOM. Direktøren i Bymuseet, eller den direktøren vel å delegera til, skal nøye vurderera og gjera vedtak om mogleg innsamling og avhending/destruksjon av enkeltgjenstandar. Om ein skulle ønskja å samla inn eller avhenda/destruera bygningar og delsamlingar skal direktøren for Bymuseet legge fram fagleg vurdering og innstilling for eigarstyret i Stiftinga Hordamuseet for endeleg vedtak.

Frå eit unyansert og kortfatta forbod fekk vi ein tekst som krev at samlingane blir forvalta etter planverk, og med dei faglege grepa som ligg i ICOM sitt etiske regelverk. Paragrafen seier også kven som har avgjerdsmynde i slike saker.

Omgrepet «urørleg grunnkapital»

Mange museum er organisert som stiftingar og har vedtektsfesta at samlingane er del av ein urørleg grunnkapital. At denne kapitalen skal vere urørleg har ofte blitt brukt som argument mot avhending, og blitt tolka som at ingen ting kan bli tatt ut av samlingane. Alle stiftingar skal ved stiftingstidspunktet stille til rådvelde ein grunnkapital som kan bestå av både fast eigedom og pengar.³³ Det er kapitalen som vart stilt til rådvelde på *stiftingstidspunktet* som er den urørlege grunnkapitalen. Dersom vi skal følgje dette resonnementet til endes, er det dei gjenstandane som var definert som del av grunnkapitalen som er urørlege – og den logiske konsekvensen må bli at det

³¹ Eeg 2014b:2

³² Stiftinga Hordamuseet er ei av fleire museumsstiftingar som eig ei samling som blir forvalta av Bymuseet i Bergen.

³³ Stiftelsesloven §15, jf. også den gamle loven frå 1980 (§2)

som er samla inn i ettertid ikkje er omfatta av «urørligheitsprinsippet».³⁴ Men slik kan vi ikkje forvalte samlingane, og det er heller ikkje dette som er meint i stiftingsloven:

Det er altså ikke selve gjenstandene som er «urørlige», og det var de heller ikke etter stiftelsesloven av 1980 (...). Gjenstandene kan med andre ord erstattes (byttes om) med andre gjenstander, penger, plasseres i verdipapirer/fond o.s.v., så lenge grunnkapitalverdien opprettholdes (...). Jeg forstår altså kravet om grunnkapital slik at det ikke stilles krav til at stiftelsen eier spesifikke eiendeler (de opprinnelige), men at den til enhver tid eier eiendeler som tilsvarer beløpet, og som på korrekt måte er gjort til del av grunnkapitalen.»³⁵

Det er altså, i følge Eeg si vurdering av lovverket, ei misforståing at museet ikkje kan avhende/destruere gjenstandar som blir vurdert som overflødige, sjølv om gjenstandane i utgangspunktet er definert som del av grunnkapitalen.

Skriftlege pålegg frå givarar

Det er ikkje lenger vanleg at musea godtek krav frå givarar om korleis gjenstandar skal forvaltast/formidlast. Dette var derimot nokså vanleg for ein del år sidan og krava kunne gjelde både utstillingsplikt, bevaring for all tid osb. Slike pålegg har ofte blitt trekte fram som hindringar både for avhending og destruksjon. I juridisk terminologi blir slike krav kalla *uråderettsklausul* fordi den avgrensar den råderetten ein eigar normalt har over sin eigedom. Dersom givaren som sette opp slike krav er død, kan museet søkje Stiftingstilsynet om ei omdanning av klausulen. Dette kan skje dersom pålegget t.d. ikkje let seg etterleve, er klart unyttig eller om det er openbert uheldig eller ufornuftig (Eeg 2014b:13, jf. også Stiftingslova § 46). Om den som gav gåva og pålegget lever, kan museet gå i dialog med vedkomande med tanke på ei endring eller sletting av pålegga.

Museum som har arva gjenstandar gjennom testamente har ofte også oppfatta dette som eit moralsk pålegg om å bevare gjenstanden. Når det gjeld arv eller testamentariske gåver, har ikkje museet andre plikter enn det som er skrive i testamentet. Musea står fritt til både å avhende og destruere arva gjenstandar i tilfelle der testamentet ikkje inneheld krav som kan tolkast som avhendingsforbod eller utstillingspåbod, og der vedtektene også opnar for dette (Eeg 2014b).

Ikkje-skriftlege pålegg

Mange museum får frå tid til anna besøk av etterkommarar etter givarar/testatorar, som kjem for å sjå tinga bestemor eller oldefar i si tid gav til museet. I slike situasjonar oppstår ofte diskusjonar om kva som har vore *tenkt* rundt gåva. Også museumstilsette refererer til tenkte pålegg om bevaring til evig tid, om permanent eller regelmessig utstilling osb. Ingen andre enn dei som var til stades då gåva blei gitt til museet kan vite kva som var tenkt, meint eller sagt i den gitte situasjonen – så framt ein ikkje har skriftlege kjelder eller nokon av dei som var til stades kan vitne om det som skjedde. Dersom museet ønskjer å avhende gjenstanden, og ein ikkje har funne noko skriftleg som går mot dette, må ein kunne gå ut frå at det ikkje finst noko avhendingsforbod.³⁶ Kor grundig ein skal gå til verks for å finne ein eventuell dokumentasjon på avhendingsforbod, bør stå i forhold til vurderinga av den kulturhistoriske verdien til gjenstanden.³⁷ Dersom det skulle verte snakk om søksmål i etterkant, meiner Eeg at bevisbyrden ligg hjå den fornærma parten, altså givar/testator eller etterkommarar etter denne.

I drøftingar der avhending og destruksjon er tema, vert givarane ofte omtalt som at dei er negative til avhending, og at deira gåver var meint å bli bevart til evig tid. Slik blir givarane noko mellom *velgjerarar* og *motstandarar*; på eine sida bidreg dei til å utvide og utvikle samlinga ved å donere gjenstandar, på andre sida bind dei opp ressursar og handlefridom med pålegg som blir tillagde dei. Ein kan også velje å sjå givarane (både dei ein kjenner identiteten til, og dei som av ulike årsaker ikkje har blitt registrerte som givarar) som litt meir rimelege og fornuftige:

Hva ville vedkommende ha ment dersom han eller hun hadde forutsett den situasjon som har oppstått kanskje mange år etter at gaven ble gitt, som gjør at museet, etter en faglig vurdering (...) finner det riktig å avhende eller kassere gjenstanden. Det kan jo tenkes at vedkommende ville kommet til samme konklusjon, eller i alle fall til at her må museet stå fritt til å bruke sitt faglige skjønn.»³⁸

Det er eit vanskeleg og ofte utydeleg skjeringspunkt mellom jus og museumsetikk. I hovudsak vil det juridiske avgrense seg til vurderingar om eigarskap og råderett, og reguleringa av korleis museets egne vedtekter skal fastsettast og endrast.

Andre land har gjerne ei særskild museumslov. Det finst ikkje i Noreg, noko som inneber at vi i enda større grad må sjå til etikken og praksis i musea for å finne gode vegar gjennom utfordringane våre.

³⁴ Med mindre styret har vedteke såkalla kapitalforhøyelse, jf. Stiftelsesloven §16

³⁵ Eeg 2014a:10

³⁶ Merk at slike forbod kan finnast andre stader enn i aksjonsprotokollar, t.d. i brev, møtereferat..

³⁷ Eeg 2014b

³⁸ Eeg 2014b:9

Etikk

Når det er tale om museumsetikk vert det oftast vist til ICOM sitt museumsetiske regelverk. Saman med det juridiske lovverket og musea sine egne vedtekter/reglar utgjer dette det vi her kallar den formelle museumsetikken. Den uformelle etikken, dei tause og uskrivne «kontraktane» museumstilsette gjerne føler dei har med samfunnet rundt seg, er òg viktig.

Skriftlege kjelder til museumsetikk

ICOM er den viktigaste internasjonale organisasjonen for museum og museumsarbeidarar. Organisasjonen vart stifta i 1946 og har formell tilknytning til UNESCO, og har i dag om lag 28 000 medlemmer i 137 land. Dei aller fleste musea i Norge er medlem av ICOM og vedkjenner seg organisasjonen sine definisjonar og retningslinjer.

I ICOM sin definisjon av museum nyttar ein formuleringar som «ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling». Dette tyder på at museum er institusjonar med sterk fagleg integritet, etablert på vegne av og til glede for publikum. Det at ICOM har utforma eit etisk regelverk vitnar om ein bransje som tek både seg sjølv og dei den skal tene på alvor.

I vår samanheng er kapittel 2 det mest sentrale fordi dette handlar om musea som forvaltarar av samlingar. Hovudprinsippet i kapittelet lyder slik:

Museer har plikt til å anskaffe, bevare og utvikle samlinger som bidrag til å sikre samfunnets naturarv, kulturarv og vitenskapelige arv. Disse samlingene utgjer et viktig felles kulturgode som har en spesiell juridisk status og internasjonalt rettsvern. I dette samfunnsansvaret ligger forvalteroppgaver som inkluderer aktsomhetsplikt, langsiktig vern, dokumentasjon, tilgjengelighet og avhending under ansvar.

³⁹

Kapittelet formulerer ein del krav i forhold til korleis musea kan skaffe gjenstandar til samlingane og at ein skal ha ein vedteken innsamlingsplan, samt til dømes at proveniens må kartleggjast for å unngå at

museet kjem i skade for å ta inn materiale frå ulovleg feltarbeid eller gjenstandar som givar har skaffa seg på ulovleg vis. Like viktig er reglane om kva som skal til for at musea skal kunne ta gjenstandar ut av samlingane. Der er krav til at eventuelle fullmakter, lovpålagte reglar og føresegner må følgjast, musea skal ha retningslinjer for godkjend framgangsmåte ved permanent avhending og korleis inntekter frå eit eventuelt sal skal brukast. Vi kan trekke fram nokre viktige punkt: Det er ein grunnleggjande føresetnad at museumsgjenstandar som skal avhendast først vert tilbydd til andre museum. Ved eit eventuelt sal skal pengane brukast til fordel for samlinga og vanlegvis til å skaffe nye gjenstandar til samlinga. Formelt er det altså ikkje etiske hinder for avhending så lenge det blir gjort *under ansvar*, noko som betyr at musea må følgje dei prinsippa som ICOM presenterer. Både *Spectrum standard for samlingsforvaltning* og retningslinjer/prosedyrar innan dette feltet (inkludert retningslinjene vi har utarbeidd for prioritering, avhending og destruksjon), har sitt utspring i ICOM sine etiske retningslinjer.

ICOM påpeikar vidare at det enkelte museum skal ha interne retningslinjer for godkjent framgangsmåte ved permanent avhending (brukt i forståinga å ta gjenstandar ut av samlingane).⁴⁰

Formelle etiske reglar kan ein også finne i musea sine vedtekter. I tillegg kan ein finne formuleringar i interne plandokument, som t.d. strategiplanar, samlings- og forvaltningsplanar.

Sjølvpålagd justis

I tillegg til dei formelle kjeldene til etiske føringar kan også dei meir uformelle etiske bindingane museumstilsette opplever å ha, spele inn når det er snakk om å prioritere i museumssamlingar. Dette går i stor grad på kva ein føler av forventningar frå samfunnet og ei oppriktig omsorg for gjenstandane. Omgrep som *permanente institusjonar* og *urørleg grunnkapital* har av mange blitt oppfatta som grunnsteinar i det etiske

³⁹ ICOM 2014, kap. 2

⁴⁰ ICOM 2014, pkt. 2.15

byggverket. Musea blir gjerne assosierte med ord som *langsiktig* og *evig*, og mange ser på samlingane som sjølv fundamentet for eit museum. Dette er ein sjølv sagt og sentral del av musea si sjølvforståing. Mange museumstilsette føler nok at der ligg ei forventning om at det som kjem til eit museum blir bevart i eit evig tidsperspektiv. Nokon ser på dette som argument mot å ta gjenstandar ut av samlingane.

Dei etiske argumenta mot avhending handlar m.a. om tillitsbrot mellom museum og publikum, om å stille seg til doms over forgjengarars avgjerder osv. Dette er viktige moment som fortener å bli drøfta.

Om å bryte tillit

Musea er i viktig samspel med publikum gjennom innsamling. Mange stadar er det passiv innsamling i form av gåver som både har vore, og fortsatt gjerne er hovudpraksis. Musea blir vist ein tillit ved at dei får overta arvegods og klenodium som givaren har meint var viktige å dele med fellesskapet. Dersom musea avhendar eller jamvel destruerer desse gjenstandane, kan det vere at ein bryt ned denne tilliten og risikerer at publikum ikkje vil halde fram med å gi gjenstandar til museet. Med små, eller ikkje-eksisterande innkjøpsbudsjett vil det vere katastrofalt med tanke på vidare innsamling. Ei anna side er førestellinga om det evige tidsperspektivet. Enkelte vil hevde at givarar kan oppfatte det at eit museum takkar ja til ein gjenstand som ein underforstått løvnad om at den blir bevart til evig tid, og at dersom ein avhendar/destruerer gjenstandar frå samlinga har ein brote ein sentral del av den uskrivne «kontrakten» med samfunnet.

I dei seinare åra har musea blitt meir nøye med å sjå til at museet får full råderett over gåver til musea, og styre klar av uakseptable sterke føringar på korleis museet skal handtere gåva. Ingenting tyder på at dette har svekka tilliten frå publikum, kanskje snarare tvert i mot – publikum får ei større innsikt i korleis musea arbeider og eit meir reelt bilete av tilhøva ved musea.

Tilliten mellom publikum og museum bør byggje på dei reelle forholda. Vi veit at samlingar ved mange museum har blitt oppbevart under kritikkverdige forhold over mange år, og det er nærliggjande å spørje om ikkje dette er eit tillitsbrot? Krava til kva som er vurdert som akseptable forhold for bevaring og sikring av museumsgjenstandar har sjølv sagt endra seg over tid, men det er liten tvil over ein mange stadar har visst kva dei fysiske forholda på sikt ville gjere med tilstanden på gjenstandane. Mange stadar har ein fått betre magasinforhold, men heller ikkje i

dag har ein uavgrensa plass. Musea har eit ansvar ovanfor samfunnet for å gjennomføre prioriteringar i samlingane, slik at vi i framtida nyttar midlane og arbeidskrafta til å bevare og sikre det materialet vi etter grundige vurderingar har vurdert høyrer heime i samlingane.

Om å felle ein dom

Eit argument som ofte har blitt brukt mot avhending frå samlingane er at museumstilsette i dag ikkje har nokon rett til å setje seg til doms over dei samlingane forgjengarane våre har skapt. I dette ligg ein tanke om at kunnskapen, intensjonane og innsatsen til dei som gjekk før oss vil bli underkjent dersom vi i dag fjernar ting frå samlingane. Dersom dette skal praktiserast, vil det innebere at ikkje noko av det som har blitt gjort før vår tid kan rokkast ved, men blir i staden ei *rett lære*, ei *sanning*. I ytste konsekvens blir det då òg slik at våre etterkomarar heller ikkje kan setje spørjeteikn ved det vi gjer i løpet av vår tid som museumstilsette.

Forgjengarane våre bygde opp samlingane ut frå det samfunnet dei skulle tene, slik vi ved musea i dag også skal tene det samfunnet vi er ein del av. Samfunnet endrar seg stadig og vi må gjere nye vurderingar. Samlingane bør i størst mogeleg grad spegle historia til det samfunnet vi lever i, slik at der er eit rimeleg forhold mellom fortid og samtid. Vår oppgave er å sette museet i stand til å finne denne balansen. Prioritering i samlingane, der avhending og destruksjon er to av fleire aktuelle val, bør ikkje oppfattast som kritikk av tidlegare tiders museumsarbeidarar. I mange tilfelle vil det vere snakk om å fullføre eit vurderingsarbeid dei ikkje fekk gjort, noko vi vil hevde viser respekt for den situasjonen mange av våre forgjengarar hadde. Museumslandskapet har endra seg vesentleg dei siste tiåra og det har vorte stadig større fokus på å sjå fleire samlingar under eit, noko som gjer at vi må kunne gjere nye vurderingar. Konklusjonen kan då ikkje vere gitt på førehand fordi vi ikkje kan rokke ved det som er gjort tidlegare. Å sjå fleire samlingar under eit og stadig få betre oversikt over eigne samlingar, legg eit godt grunnlag for prioriteringsarbeid i samlingane.

Samstundes må ein òg vere medviten om at alle frå tid til anna gjer feil val og at framdrifta ikkje alltid blir slik ein hadde tenkt seg. Ofte har mottak av gjenstandar vore grunna i konkrete planar om nærare sortering på eit seinare tidspunkt, eller med tankar om utstillingar som aldri vart realiserte. I ein del tilfelle har gjenstandane likevel blitt aksjonerte utan at dette har vore eit val basert på ei vurdering opp mot det ein har frå før. Mange museum har hatt

hjelpearar til å registrere. Kvaliteten på arbeidet har nok variert ut frå kva slags opplæring dei fekk. Hjø oss ser ein i alle fall tydelege teikn på at gjenstandar som ikkje har vore meint som museumsgjenstandar, usortert materiale og lausrivne delar har vorte registrert som del av samlinga. I andre tilfelle har gjenstandar enda som ein del av restansane, det som står på vent. Ofte veit ein ikkje kva som var tanken bak, dei som tok i mot har slutta og eventuell dokumentasjon kan være mangelfull eller tapt. Vi som museumsarbeidarar er dei einaste som kan rette opp i desse tilhøva.

Om å tappe samlingane

Av og til blir faren for å tappe samlingane for verdier brukt som argument mot avhending. Eit vedtak om å ta ein gjenstand ut av samlingane skal først skje etter ei grundig og dokumentert vurdering.

Det har vore tilfelle der kunstmuseum har selt gjenstandar for å skaffe inntekter til investeringar eller til å dekke underskot. Kunstmusea skil seg ut ved at dei ofte er del av ein svært kjøpesterk marknad. Samtidig kan ein godt sjå for seg at dei gjennom ein samlingsrevisjon eller prioriteringsprosess konkluderer med at enkelte kunstverk kan vere på sida av deira profil, og at ein dermed ikkje vil bruke ressursar på å forvalte dette vidare. Prosjektet Bymuseet har gjennomført har hovudfokus på kulturhistoriske gjenstandar, men ICOM sitt etiske regelverk gjeld for andre typar samlingar også. Ein del kulturhistoriske museum har gjenstandar som ville vere svært lett omsettelege på ein antikvitetsmarknad, men desse vil ofte også vere dei gjenstandane som er mest kulturhistorisk interessante for museet.

Det å selje gjenstandar frå samlingane for å dekke underskot eller for å auke det generelle driftsbudsjettet er i konflikt med ICOM sitt regelverk og vil ikkje kunne vurderast som god praksis. Ein kan ikkje gjere museumsgjenstandar til realiserbare verdier.⁴¹ Dette betyr ikkje at det ikkje er lov å selje noko, men at eit museum ikkje kan forvalte samlinga ut frå ein tanke om kva som til ei kvar tid kan gi god inntekt. Ein kan difor heller ikkje samle inn med tanke på seinare sal, slik eit antikvariat eller auksjonshus kan. Etter prioriteringsprosessar der ein har konkludert med at ein gjenstand kan avhendast, bør gjenstanden først verte tilbydd til andre museum. Dette gjeld òg dersom sal vert valt som avhendingsmetode (sjå pkt. 5.3.2).

Om å ikkje ta stilling

Kva så om vi vel å ikkje ta stilling – å ikkje gjennomføre prioriteringsprosessar i samlingane vi forvaltar? Realiteten vil vere mange nokså tilfeldig samansette samlingar med store mengder av enkelte gjenstandstypar, og ofte lite frå vår nære fortid og samtid. Etterkomarane våre vil truleg undre seg over kvifor vi har 30 relativt like trekjevle, men ingen av silikon eller marmor – eller kvifor vi har 75 plogar og 350 høvlar, men berre nokre få heile kaffiservise eller ingen sykklar frå 1980-talet. Dei vil truleg også spekulere på kvifor så mange gjenstandar som ikkje er komplette, i dårleg stand og utan god dokumentasjon har tatt opp ressursar over lang tid.

Vi vil hevde at det å ikkje gjere vurderingar og prioriteringar i samlingane vi forvaltar vitnar om manglande respekt, både for dei som var før oss og dei som kjem etter oss, og ikkje minst kan det tolkast som eit brot på oppgåva musea har i forhold til å forvalte vår felles kulturarv på best mogeleg måte.

Oppsummering

I eit museumsetisk perspektiv må det viktigaste vere å pleie og utvikle samlingane, ikkje å ha som mål at ein aldri skal ta gjenstandar ut av samlingane. I en situasjon der ressursane er avgrensa, meiner vi det mest problematiske er å svikte i vidare innsamling grunna mangel på magasinplass og å ikkje tørre å prioritere ut frå dei samlingane og dei ressursane vi har.

Dersom musea skal tene samfunnet på ein god måte, er vi nøydde til å ta grep. Vi må skaffe oss betre oversikt når det gjeld mengd, typologi, tilstand osv. Den største utfordringa er kanskje at vi også må ta stilling til det som aldri har vorte registrert og kanskje heller ikkje vurdert, men som likevel finst på museet. Til sjuande og sist handlar det om korleis vi vil overlata samlingane i museet til neste generasjon. Dette ansvaret ligg til dei styrande organa i musea. Skal vi ta vare på omdømmet til musea som ansvarlege forvaltarar av kulturarven, må musea kunne grunngje kvifor utviklinga av samlingane har vorte som den har, og ikkje berre seie at det er historia og tilfeldige hendingar som er bakgrunnen for samansetjinga av samlingane.

⁴¹ ICOM 2014, pkt. 2.16

Prioritering i samlingane

Bakgrunnen for å setje i gang ein prioriteringsprosess i samlingane kan vere ulik frå gang til gang. Arbeidet bør vere forankra i styret og leiinga av museet. Det er viktig at ein har støtte for prosessen og at alle har ei realistisk oppfatning av kva det vil krevje i form av arbeidstid, pengar og plass.

Eit utgangspunkt for prioritering kan vere eit ønskje om å skaffe oversyn over kva museet har, med utgangspunkt i typologi, mengd, tilstand osv. For mange gjenstandstypar er mengd eit poeng i seg sjølv, i andre samanhengar er det greitt at nokre få eksemplar får representere sin type/kategori. Nokre gjenstandstypar kan vere overrepresentert i museet, medan andre manglar. Ei anna årsak for å setje i gang med prioritering kan vere ein flytteprosess, der ein bør vurdere om alt skal flyttast med. Ein del gjenstandar kan ha blitt så nedbrotne eller har så store manglar at dei vert vurdert å ikkje lenger høyre heime i ei museumssamling. Enkelte gjenstandar har dekor eller utforming som gjer dei til viktige dokumentasjons- og forskingsobjekt, sjølv om dei er i dårleg stand eller er mangelfulle. Vidare kan prioritering til dømes handle om å klassifisere dei ulike magasina ein har tilgjengeleg ut frå kvaliteten på sikring innan ulike felt: stabilt klima, sikring mot skadedyr, brann- og skalsikring osv. På den måten kan ein sikre at gjenstandar vert plassert i magasin ut frå kva bevarings- og sikringsforhold dei treng og kor viktige dei vert vurdert å vere for samlinga.

Med utgangspunkt i eigen samlingsplan bør musea kunne gjennomføre prosessar der dei vurderer gjenstandar opp mot kvarandre ut frå kriterier som t.d. relevans/betyding, tilstand, kulturhistorisk verdi, formidlings-/forskningsverdi og om museet faktisk er i stand til å bevare gjenstanden.⁴² Vi bør ta sikte på

samlingar som vi etter beste faglege skjøen meiner er sett saman av representative gjenstandar som noverande og framtidige generasjonar kan hente kunnskap og inspirasjon frå.

Det finst ulike metodar for å evaluere verdien til ein gjenstand – kva for ein metode ein vel å bruke, vil variere etter korleis ein vel å arbeide og kva ein vel å vektleggje. Dei seinare åra har metoden *Significance* vore mykje omtala. Den vart utvikla i Australia frå 2001 og har vore nytta som inspirasjonskjelde for den engelske *Reviewing significance*. I Noreg har Haugalandmusea prøvd ut den australske metoden på delar av sine samlingar. Erfaringane frå dette prosjektet er høgst relevante, og er fortløpande lagt ut i ein eigen blogg.⁴³ I Nederland har *The Cultural Heritage Agency* i nært samarbeid med musea utvikla metoden *På den museale vektskåla*, som også er omsett til engelsk.⁴⁴ I Storbritannia har fleire nasjonale organisasjonar utvikla *Disposal Toolkit*, som gir detaljerte råd kring prosessen av å identifisere gjenstandar som bør takast ut av samlingane, og for å sikre at det er etisk forsvarleg.⁴⁵

På same måte som ein prioriteringsprosess har mange ulike utgangspunkt, vil den også kunne ende med ei rekkje ulike tiltak. Korkje avhending eller destruksjon av museumsgjenstandar bør vere mål i seg sjølv. Etter ei nøye vurdering av enkeltgjenstandar eller delsamlingar har ein fleire val. Ein kan velje vidare bevaring, ein kan avgjere at eingjenstand kan brukast som rekvisitt i aktiv formidling. Ein kan også definere ei forskningssamling, ein kan gi bort overflødige gjenstandar og ein kan velje å destruere det som av ulike årsaker alt har blitt øydelagd eller ikkje er vurdert å ha nemneverdig interesse for andre. Når det gjeld gjenstandar i dårleg stand eller som av andre årsaker

⁴² Ein gjenstand kan t.d. vere produsert av helseskadeleg materiale som stiller særleg strenge krav til magasinering for ikkje å påverke helse, miljø og tryggleik.

⁴³ <https://prioriteringavsamlingene.wordpress.com/>

⁴⁴ The Cultural Heritage Agency, 2014

⁴⁵ *Disposal Toolkit*, 2014

er vurdert å ha liten interesse for andre, må ein vurdere innsatsen ein skal legge ned i å få til avhending opp mot betydinga av gjenstanden.

Ein må ta tilstrekkeleg omsyn til at museumsgjenstandar kan vere i nedbryting som medfører ein risiko eller vere behandla med materiale som gjer at både innanding, handsaming og fortsatt bevaring kan medføre helseisiko.

Vi har alltid fleire val, og ein prioriteringsprosess skal hjelpe oss å ta reflekterte val. Å prioritere vil òg innebære at dei unike eller viktige delane av samlinga blir løfta fram.

Bevaring

Det tiltaket ein truleg oftast vil vedta, er at gjenstanden skal bevarast som del av samlinga og at den skal ha status som museumsgjenstand. Dersom gjenstanden skal magasinerast, bør ein gjere eit aktivt val i forhold til kva magasin den skal bevarast i for å sikre at dei beste bevarings- og sikringsforholda husar det viktigaste og mest ømfintlege materialet.

Omdefinering

Ein del museumsgjenstandar kan med fordel omdefinierast slik at dei t.d. kan bli brukt i aktiv formidling. Ein konsekvens av dette vil vere større slitasje og at gjenstanden på sikt blir «oppbrukt». På andre sida kan museet tilby ei meir taktil formidling ved at publikum kan røre ved, lukte på og fysisk prøve ut korleis ting verkar. Slike gjenstandar kan gjere nytte i spesielle pedagogiske opplegg, eller som inventar i museumsbutikk og -kafé. På denne måten får gjenstanden ein ny funksjon og kan vere til glede for mange besøkjande som elles ikkje ville fått oppleve den om den stod i eit magasin. Ei omdefinering frå museumsgjenstand til bruksgjenstand *reduserer* ikkje gjenstandens betyding, men den får ei anna betyding enn den hadde før. Omdefinering endrar ikkje eigedomsforholdet til gjenstanden, men det kan redusere ressursbruken. Dei fleste musea vil operere med mindre strenge krav for rekvisittar enn for ordinære museumsgjenstandar med tanke på oppbevaring, handtering, reparasjonar og sikring.

Kvart enkelt museum må vurdere om omdefinering skal medføre deaksesjon frå samlingane eller om historiske rekvisittar skal vere å sjå som ein del av samlingane.

Avhending

Avhending inneber at museet overfører gjenstandar til ein ny juridisk eigar, enten som gåve eller ved sal. I ICOM sitt museumsetiske regelverk kap. 2.12 heiter det:

Dersom museet har juridisk fullmakt til å avhende eller har anskaffet objekter med forbehold om avhending, må lov- pålagte eller andre bestemmelser følges til punkt og prikke. (...)

Av dette kan ein konkludere med at så lenge det ikkje finst juridiske vilkår eller avgrensingar som hindrar avhending, står musea fritt til å gjere dette etter nøye vurdering, jamfør formuleringa i ICOM sitt regelverk, pkt. 2.13:

...etter nøye vurdering av materialets betyding og karakter (om det kan erstattes, er fornybart eller ikke), juridiske forhold og eventuelt tap av offentlig tillit som følge av vedtaket.

Avhending må ikkje forvekslast med destruksjon eller kassasjon, sjølv om omgrepet avhending i Noreg ofte har blitt brukt på ein måte som inkluderer alle former for å fjerne gjenstandar frå musea sine lokale og samlingar. Juridisk sett inneber avhending altså at gjenstanden får ein ny eigar, og at gjenstanden framleis finst. Slik det er understreka i ICOM sitt museumsetiske regelverk, pkt. 2.15, så er det ein grunnleggjande føresetnad at ein gjenstand som skal avhendast, først vert tilbydd til andre museum. Dette gjeld altså same kva avhendingsmetode ein vel. Slik vi tolkar regelverket gjeld dette ikkje for gjenstandar som vert vedtatt destruert grunna manglar/tilstand.

All avhending skal vurderast nøye ut frå gjenstandens betyding, karakter og om det er fornybart, og særleg skal det vurderast om museet risikerer tap av offentlig tillit ved avhendinga.⁴⁶

Avhending ved gåve

I følgje ICOM er det ein grunnleggjande føresetnad at andre museum får tilbod om å overta gjenstanden før andre mottakarar blir vurderte.⁴⁷ På denne måten blir den verande i den offentlege sfæren, som del av ein felles kulturarv. Dersom andre museum ikkje vil overta gjenstanden kan ein vurdere å gi gjenstanden tilbake til tidlegare eigar/arving eller avhende til lag eller organisasjonar, slik at den på ein eller annan måte får kome fleire til glede.

⁴⁶ ICOM 2014, pkt. 2.13

⁴⁷ ICOM 2014, pkt. 2.14

Avhending ved sal

Ein kan vurdere å selje ein gjenstand som ein etter nøye vurdering har vedtatt å avhende. Første bod er då å undersøkje om eigarinstitusjonen har vedtekter eller avtalar med givarar som reint konkret hindrar sal. Også dersom eit eventuelt sal er museet sitt førsteval i forhold til avhendingsmetode skal dei aktuelle gjenstandane verte tilbydd til andre museum først.

I ICOM sitt etiske regelverk blir det stilt krav om at alle museum skal ha retningslinjer for avhending, der sal er nemnt som ein av fleire avhendingsmetodar.

⁴⁸Punkt 2.16 handlar i heilskap om sal:

Inntekter fra salg av museumsgjenstander

Museumssamlinger er fellesarv som ikke kan behandles som realiserbare verdier. Pengebeløp eller kompensasjon som mottas ved avhending og kassering av gjenstander fra en museumssamling skal utelukkende anvendes til fordel for samlingen og vanligvis til nyanskaffelser.

Inntekter ved eit sal skal altså gå tilbake til samlingsane, som regel til å skaffe nye gjenstandar, ikkje til ordinær drift eller til dømes for å skaffe kapital til nytt bygg eller dekking av underskot. Vi tolkar formuleringa ...*til fordel for samlingen* slik at investeringar til det beste for samlinga også kan forsvarast, men at midlane altså ikkje skal gå til drift.

Vi ser det som heilt grunnleggjande at museumsgjenstandar ikkje vert vedtatt avhenda for å skaffe midlar. Vurderinga av om ein gjenstand skal ut av samlingsa skal skje med bakgrunn i andre verdier enn den kommersielle. Dersom ein først byrjar å fire på dette kravet, kan det opne for politiske endringar i krava til musea si inntening, noko som ville vere svært lite heldig.

Våren 2015 føregjekk det ein debatt i norsk media om sal av museumsgjenstandar.⁴⁹ Ein del av argumentasjonen var at musea har for mange gjenstandar som står på magasin, og at dei, dersom dei blei selde, ville bli til glede for fleire. Vinsten ville vere at musea får råd til nye utstillingar og nybygg. Debatten blei starta av FrP sin representant Ib Thomsen.⁵⁰ Han møtte motbør frå museumshald (Norsk Museumsforbund og Bymuseet i Bergen⁵¹); ikkje fordi ein er i mot sal i seg sjølv, men fordi så mange av ICOM sine premissar vart oversett. Museumsgjenstandar kan altså ikkje, dersom ein skal følgje ICOM sitt museumsetiske regelverk, seljast for å skaffe pengar til drift.⁵²

⁴⁸ ICOM 2014, pkt. 2.15

⁴⁹ Debatten vart tatt opp både av Dagsnytt Atten i NRK og med debattinnlegg i aviser, m.a. Nationen.

⁵⁰ Thomsen, I., 2015

⁵¹ Bjørke, A., Nielsen, M.L. og Ramskjær, L. 2015

⁵² ICOM 2014, pkt. 2.16

Destruksjon

Dersom gjenstanden er vurdert å ha liten eller ingen verdi for andre og at ein ikkje kan forsvare ressursbruken ved å prøve å få til ein avtale om avhending, så kan destruksjon vere det rette tiltaket.

Destruksjon inneber at ein gjenstand blir borte for alltid. Enkelte vil meine at dette er i konflikt med musea sin grunnfunksjon som samfunnsinstitusjonar med langvarige perspektiv. Det er likevel viktig at musea tek medvitne val om kva dei skal bruke ressursar på å ta vare på i framtida. Når det er sagt, meiner vi også at alt som er stabla inn i naust og lør skal betraktast som museumsgjenstandar inntil fagleg tilsette ved musea har fått vurdert det på grundig vis. Dette bør gjelde uansett tilstand og om det er aksjonert eller ikkje.

Resultatet av ein prioriteringsprosess kan vere at statusen til ein gjenstand vert endra. Prosessen må dokumenterast, men museet bør kunne destruere det ein meiner ikkje bør ha status som museumsgjenstandar og som ein meiner ikkje kan komme til vesentleg nytte ein annan stad – så lenge ein ikkje finn juridiske hindringar for dette.

Oppsummering

Vi har forsøkt å vise at juridiske hindringar for prioritering i samlingsane, sjølv med tiltak som avhending og destruksjon, ikkje representerer store nok stengsler til at ein skal ende i avmakt eller avgjerdsvegving. Det er likevel ikkje vår meining å bagatellisere dette. Hindringane er i ein del tilfelle reelle, men dei viktigaste formelle stengslene rår musea og eigarinstitusjonane sjølve over, nemleg vedtektene. Uansett om ein planlegg eit prioriteringsprosjekt der avhending kan bli aktuelt, bør ein ha vedtekter som tek opp i seg aktuelle sider ved samlingsforvaltning og –utvikling.

Heller ikkje dei nedskrivne etiske reglane står i vegen for avhending eller destruksjon. ICOM føreskriv kva rammer desse prosessane må skje innafor for å vere i tråd med deira museumsetiske regelverk.

Det er vår bestemte oppfatning at museumstilsette har stor respekt for dei som har gitt og gir gjenstandar til musea. Tidlegare tilsette og eldsjeler nyt også stor respekt i fagmiljøet. Enkelte vil meine at tiltak som avhending og destruksjon vitnar om manglande respekt for dei som har gått føre oss. Sjølv ser vi annleis på dette. I mange tilfelle vil det vere ei vidareføring av det arbeidet som vart påbyrja, men som ingen rakk å ferdigstille. Andre gongar har dårlege

bevaringsforhold ført til vesentleg forverra tilstand og dermed ein annan kulturhistorisk verdi enn det gjenstanden hadde ved mottak. I tillegg får vi stadig betre oversikt over både kva vi sjølv har og kva som er i finne i andre samlingar, noko som kan føre til andre vurderingar enn då gjenstanden kom inn. Vurderingane vi skal gjere no, må vi gjere ut frå det samfunnet musea skal tene i dag, og den framtida vi ser teikne seg.

Ser vi forbi Noregs grenser, er prioritering, avhending og destruksjon vanlegare praksis mange stadar. Retningslinjene som er utarbeidd byggjer også på desse erfaringane.

Ein prioriteringsprosess i eit museum gir auka merksemd til samlingsarbeidet, og vil løfte fram dei viktigaste og musealt mest verdifulle delane av ei samling. Openheit og dokumentasjon av prosessen er viktige element. Skil samlingane i norske museum få den statusen vi ønskjer, må vi også våge å stille dei kritiske spørsmåla, og ha rygggrad til å ta konsekvensen av vurderingar som tilseier avhending eller destruksjon.



Enkelte gjenstandar kan ved første augekast sjå ut til å vere i god stand, men ved nærare vurdering kan det vise seg at den har skadar som gjer den lite eigna for utstilling eller som rekvisitt. Då vil kunnskapen vi kan finne om gjenstanden spele ei avgjerande rolle.



Av og til er det tydeleg at ein gjenstand er i svært dårleg stand. Om ein heller ikkje har opplysningar som tilseier at den har ei spesiell historie, kan det vere lite som talar for å bruke ressursar på vidare bevaring.

I mange tilfelle veit vi lite om forhistoria til ein gjenstand, og av og til finn vi klare teikn på at givar nok ikkje ville lagt veldig sterke føringar for gáva.

Praktisk gjennomføring av prosjektet

Bymuseet i Bergen fekk i 2013 eit nytt hovudmagasin, og er i ferd med å avvikle fleire ueigna magasin. I samband med dette arbeidet ønskjer museet å gå igjennom det gjenstandsmaterialet som skal flyttast. Målet om oversikt og dokumentasjon har vore tydeleg, men museet har også hatt eit ønske om å sortere; det viktigaste materialet må i det beste magasinet, samt at det som står i akutt fare for å forvitne også må prioriterast. Ein del materiale toler skiftingar i klima betre enn anna, mens noko ikkje kan flyttast, til dømes p.g.a. storleik eller tilstand. Ein del gjenstandar manglar vi dokumentasjon på, andre er så nedbrotne at dei vanskeleg let seg tolke. Noko kan omdefinertast til bruksgjenstandar i den aktive formidlinga, noko kan vere av større betydning for eit anna museum, og noko vert vurdert å ikkje ha verdi for nokon. Med dette kjem viktige spørsmål som rører både ved juridiske forhold, etiske problemstillingar så vel som metodiske utfordringar.

Vi fekk innvilga midlar frå Kulturrådet i 2013 til prosjektet: *Prioritering og avhending; retningslinjer og metode*. Prosjektet blei administrert av Bymuseet i Bergen. Heidi Seilfaldet vart engasjert som prosjektleiar for to år frå august 2013. Samlingsansvarlege ved dei tre samarbeidsmusea og prosjektleiar har fungert som styringsgruppe, der også direktøren for Bymuseet i Bergen deltok aktivt det første året av prosjektperioden. I tillegg til jamlege møte, har styringsgruppa gjennomført ei studiereise til Nederland i november 2013 og arrangert to nasjonale fagseminar om temaet. Det har variert i kor stor grad dei tre musea har jobba praktisk med prioritering, avhending og destruksjon i prosjektperioden.

Generelt om prosjektarbeidet

Styringsgruppa har drøfta konkrete problemstillingar og utveksla erfaringar. Arbeidet med retningslinjene har vore ein kontinuerleg prosess mellom møta. Prosjektleiaren førte dokumentet i pennen og deltakarane i styringsgruppa har gitt tilbakemeldingar undervegs.

Tidleg i prosjektet reiste styringsgruppa på studietur til Nederland der dei har hatt nasjonale retningslinjer for avhending sidan 2000. Prioritering i samlingsane er eit innarbeidd tema i den daglege samlingsforvaltninga ved musea. Vi besøkte fleire museum og institusjonar som kunne fortelje om ulike innfallsvinklar og erfaringar frå arbeid med prioritering i samlingsane. Studieturen var svært nyttig, både med tanke på inspirasjon, nettverksbygging og heilt konkrete tips til korleis prioriteringsarbeid kan organiserast.

Som del av arbeidet har vi arrangert to nasjonale seminar. Det første seminaret vart halde i Bergen i mars 2014 og hadde tittelen *Og den arven du har gitt oss, kan vær tung å ta me sæ...* Det var 95 påmelde til første dag av seminaret. Eit utkast til retningslinjer vart presentert, samt at vi hadde eksterne foredragshaldarar frå Noreg, Nederland og Storbritannia. Femti personar tok del på dag to, som var sett av til ein idédugnad med fokus på metode. Bymuseet presenterte eit eigenutvikla skjema for verddivurdering av gjenstandar. Her inviterte vi fleire museum til å hjelpe oss å prøve ut ulike prioriteringsmetodar, og vi fekk også konstruktive tilbakemeldingar på det eigenproduserte skjemaet vårt i etterkant av seminaret. Fleire museum melde si interesse til å vere med på utprøving, men det viste seg likevel vanskeleg for desse musea å få til pri-

oriteringsprosjekt på kort varsel. Eit år seinare følgde vi opp med seminaret *Å føglan som e fri, dæm ska vis vei...* Igjen var det stor interesse og over 60 deltakarar var påmeldt. Høyringsutkastet til retningslinjer blei presentert og fleire museum delte sine erfaringar i forhold til prioritering, avhending og destruksjon.

I byrjinga av mars 2015 vart dokumentet *Retningslinjer for prioritering, avhending og destruksjon av museumsgjenstandar* sendt ut på høyring av Kulturrådet. Då fristen gjekk ut 8. april var det kome inn i alt 28 svar. Responsen til retningslinjene var i all hovudsak positiv. Det mest kritiske innspelet kom frå Norsk Folkemuseum, der det mellom anna står: *Høyringsutkastet er et viktig innspill i en debatt som har pågått lenge og beskriver de nødvendige steg for å innføre en prioriteringsprosess i de daglige samlingsforvaltningsrutinene. Det er allikevel vanskelig å se at forslaget til retningslinjer bringer fram noe vesentlig nytt utover anbefalingene gitt i Norsk museumsutvikling 5:2000 Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger.* Elles kom det fleire gode forslag til mindre endringar, i hovudsak for å gjere teksten tydelegare. Styringsgruppa diskuterte forslaga og gjorde ein del endringar, før det endelege dokumentet og alle høyringssvar vart overlevert til Norsk Kulturråd. Retningslinjene vart publisert i september 2015 både som nedlastbar pdf og i trykt versjon. Kulturrådet støtta òg omsetting av retningslinjene til engelsk og ferdig dokument vart sendt til Kulturrådet i mars 2016.

I fleire av høyringssvara vart våre erfaringar med gjennomføring av prioriteringsprosessar og generelle erfaringar frå prosjektet etterlyst. Dette er forsøkt dekkja i denne rapporten.

Erfaringane ved Oslo Museum og Randsfjordmuseene

Tilsette ved Oslo Museum føler dei har hatt stor nytte av å delta i dette arbeidet. Museet gjennomførte ikkje praktisk prioriteringsarbeid i prosjektperioden, men har i nokre år hatt fokus på temaet. Prosjektet har ved to høve blitt lagt fram for heile personalgruppa på museet og på den måten har medvitet til *alle* tilsette auka – ikkje berre hjå dei som til dagleg arbeider med samlingsforvaltning og -utvikling. Slik Oslo Museum definerer prioritering, omfattar det både det ein tek inn og det ein tek ut av samlingane. Leiinga ved museet var på førehand klar over at prosjektet ville ta oss inn på eit område som har vore nærmast tabubelagt, og dei presiserer at det difor var svært viktig at styringsgruppa var tydelege på kva som skulle gjerast som ein del av prosjektet.

Også for Randsfjordmuseene, avdeling Hadeland Folkemuseum, har prosessen, erfaringsutvekslinga og dei gode diskusjonane rundt praktiske, etiske, juridiske og omgrepsmessige problemstillingar, både internt i prosjektgruppa og med kollegaer på nasjonalt og internasjonalt nivå, vore givande og interessante. Prosjektsamarbeidet har gitt gode synergieffektar lokalt ved Randsfjordmuseene. Engasjementet har ført til auka innsikt i samlingsarbeid blant andre tilsette, eigarar og andre som er knytt til organisasjonen. Også i lokale media har tematikken gitt museet ei tydeleg forankring i det profesjonelle museumsfeltet og løfta forvaltningsarbeidet ved museet fram i lyset. Tidlegare interne retningslinjer og praktiske rutinar knytt til avhending- og destruksjonsspørsmål blir no tilpassa og oppdatert. Tilsette føler at retningslinjene er eit nyttig verktøy internt i val og tilpassing av metode og dokumentasjonsstandard.

Prioriteringsarbeidet ved Bymuseet i Bergen i prosjektperioden

Bymuseet i Bergen har gjennomført to nokså ulike prosjekt for vurdering av gjenstandar i sjølve prosjektperioden. Det eine prosjektet omfatta avvikling av eit dårleg magasin. Det var tidspress, då leigeavtalen ikkje skulle fornyast. Det var i hovudsak jordbruks-gjenstandar som stod att i magasinet då vi gjekk i gang med det metodiske prioriteringsarbeidet. Det andre prosjektet var ei utstilling, der målet var todelt: vi ville prøve ut ei typologisk vurdering av gjenstandar, og kombinere dette med formidling av det praktiske samlingsarbeidet til publikum. Ved sida av å vere ein empirisk metode for kunnskapsproduksjon til prioriterings- og avhendingsprosjektet, skulle vinsten vere å få full oversikt over ein del av samlingane, og til slutt flytte lytte det prioriterte materialet til det nye magasinet.

Avikling av ueigna magasin

Alt før prosjektet med retningslinjene starta opp, hadde Bymuseet starta avviklinga av eit fjernmagasin. Magasinet låg i Arna bydel og var lokalisert i eldre fabrikkbygningar i relativt dårleg stand. Bygningane var ikkje oppvarma, noko som gjorde det vanskeleg å arbeide der mellom oktober og april. Dei fuktige lokala og den generelt dårlege tilstanden på bygningane hadde gjennom åra ført til skader og nedbryting av gjenstandane.

Lokala hadde vore magasin for Hordamuseet sidan 1998, då materialet vart flytta frå svært dårlege

magasin i nærleiken av sjølve museet. Det er viktig å understreke at magasinane i Arna på det tidspunktet representerte ei forbetring for gjenstandane, sjølv om forholda etter kvart vart vurdert som uakseptable. Arealet var fordelt over fleire rom i to etasjar. I eine etasjen hadde ting blitt sett i reolar, medan det i den andre etasjen stort sett var snakk om store gjenstandar som hestevogner, vevar, sledar, treskeverk og liknande. Der sto gjenstandane direkte på golvet eller på pallar. Alt hadde blitt ført i flyttelister ved innflytting. Litt var registrert tidlegare og noko var ført i tilvekstkatalog, men svært mange gjenstandar var utan andre opplysningar enn sjølve flyttenummeret og den informasjonen vi kunne hente etter visuell vurdering.

Før prioriteringsprosjektet blei starta opp, hadde det allereie føregått sorteringsarbeid i magasinet i ein periode. Dette skjedde ved at gjenstandane vart sortert på to grunnlag; tilstand og kategori. Parallelt med det fysiske arbeidet rundt gjenstandane, arbeidde vi med logistikk knytt til transport til nytt magasin, organisering av skadedyrsanering ved frysing eller varmebehandling, innhenting av ekstra personell og utstyr.⁵³

Mykje hadde blitt skada i løpet av mange tiår med dårlege oppbevaringsforhold. Det var difor dels snakk om å handtere det som berre kunne kategoriserast som fullstendig nedbrote. Dette materialet vart destruert, medan gjenstandar som kunne identifiserast vart fotograferte og listeført dersom destruksjon vart vedtatt. Det var mange diskusjonar og behovet for ein meir etterretteleg metode melde seg i samband med arbeidet. Hausten 2013 blei det så avgjort at vi skulle prøve ut eit vurderingsskjema i samband med prioriteringsprosjektet. Vi laga sjølv eit skjema, som gradvis har vorte vidareutvikla til det skjemaet vi nyttar i dag (sjå pkt. 6.4.1). Det blei etter kvart klart at vi ikkje rakk å ferdigstille den relativt tidkrevjande vurderingsprosessen før leigekontrakten gjekk ut. Vi måtte dermed flytte med oss ein god del gjenstandar og ta prioriteringsprosessen seinare.

Prioriteringsutstillinga «Vi ryddar i fortida – for framtida»

På studiereisa til Nederland besøkte styringsgruppa mellom anna Centraal Museum i Utrecht. Dei gjekk i 2006 gjennom samlinga si og avgjorde at ein del kunstverk, som ikkje passa inn i samlingsprofilen, skulle avhendast ved sal. Alle verka blei presentert i ei utstilling, medan tilsette vidareførte vurderingsprosessen. I nokre tilfelle vart det vedtatt å bevare utstilte

⁵³ Det er snakk om eit provisorisk varmebehandlingsrom i eige av firmaet Gamle 3 hus. Det vert brukt til å sanere tømmer for skadeinsekt. Det kan ikkje seiast å vere like god kontroll med RF som i eit ThermoLignum-kammer. Vi testa det ut for sanering av grovare tregjenstandar.

verk i samlingane. Disse vart dermed merka som ikkje aktuelle for avhending. Både museumstilsette og andre interessantar kunne studere alle kunstverka med tilhøyrande informasjon i løpet av utstillingsperioden. Andre museum i Nederland fekk først melde si interesse for det som var relevant for dei, mens resten av verka vart selde på auksjon siste utstillingsdag. Erfaringane var gode; museet følgde både ICOM sitt etiske regelverk og Nederland sine nasjonale retningslinjer: prosessen føregjekk under full openheit, andre museum fekk velje først, alt vart dokumentert og overskotet vart ført tilbake til forvaltning av samlingane ved museet.

Tilsette ved Bymuseet i Bergen tok ideen med seg heim, og danna ei prosjektgruppe som skulle definere korleis vi kunne realisere ei utstilling der prioritering i samlingane var tema. Vi bestemte oss tidleg for at sal ikkje ville vere aktuelt i denne omgang. Utstillinga skulle vere ei arbeidsutstilling for å sikre at samlingsavdelinga fekk ein vinst i form av løyste oppgåver i løpet av utstillingsperioden. Det vart bestemt at utstillinga skulle stå ved Hordamuseet frå slutten av oktober 2014 til slutten av april 2015. Dei mange stolane vi forvaltar vart peika ut som hovudgruppe av gjenstandar. Vi ønskte å prøve ut ei typologisk vurdering på ei større mengde gjenstandar. Bymuseet har mange stolar i samlingane og det er òg ei gjenstandsgruppe som alle har eit forhold til. Vi hadde som mål å få fullstendig oversikt over den aktuelle gjenstandstypen, sørgje for at det vart tatt bevisste val rundt kva vi skal bruke ressursar på i framtida, og å flytta dei stolane som skulle bevarast som museumsgjenstandar til nytt magasin.

Utprøving av prioriteringsverktøy

I det praktiske prioriteringsarbeidet prøvde vi to ulike vurderingsmetodar. PRIO-skjemaet, som vi sjølve har utvikla, og den nederlandske metoden *På den museale vektskåla*.⁵⁴ Det fins også fleire andre metodar enn dei vi har brukt; truleg er den australske Significance-metoden den mest kjende. Denne har blitt prøvd ut ved fleire norske museum, men det er så langt Haugalandsmuseene som har mest erfaring i å bruke den.⁵⁵ Vi har ikkje brukt Significance i vårt prosjekt, men det hadde vore interessant å vurdere resultatane av dei ulike metodane opp mot kvarandre. Dette ligg utanfor rammene for vårt prosjekt og denne rapporten. Rebecca N. Strand skreiv ei Mastergradsoppgåve innan faget Kulturminneforvaltning ved NTNU våre 2016, der dei to metodane vart diskutert opp mot kvarandre.⁵⁶ Ho hadde praksis i åtte veker hjå Bymuseet i

⁵⁴ The Cultural Heritage Agency, 2014

⁵⁵ Vie, Grethe Paulsen, 2013

⁵⁶ Strand, Rebecca, N. 2016

forkant av dette og var på synfaring til Haugalandsmuseene.

Eigenutvikla vurderingsskjema: PRIO-skjemaet

Vi laga eit skjema for verdivurdering av kulturhistoriske gjenstandar før vi gjekk i gang med siste del av flyttinga frå Arna. Kvar gjenstand blir vurdert for seg, og skjemaet har spørsmål som skal svarast på innan desse fire kategoriane: relevans, tilstand, dokumentasjons- og kulturhistorisk verdi og formidlings-/forskningsverdi. Det er eit kommentarfelt til kvart spørsmål, og ein verdiskala frå 1-5, der 1 er lågast og 5 er høgast. Gjenstanden får så ein gjennomsnittleg skåre av talet på spørsmål ein har svart på i kvar kategori. Til slutt får den ein endeleg skåre ut frå gjennomsnittet av «poenga» i alle kategoriane. Dei tilsette i samlingsavdelinga hadde sparsam erfaring med prioritering frå tidlegare; det hadde til no berre vore snakk om å velje ut gjenstandar for plassering i Fellesmagasinet.⁵⁷ Vi gjekk difor inn i dette arbeidet etter eit prøve- og feileprinsipp der vegen dels vart til medan vi gjekk. Skjemaet har vorte endra gjennom prosjektperioden etter behov og på bakgrunn av erfaringar. Skjemaet er tenkt å vere dynamisk og kan fritt vidareutviklast av andre. Ved endring ber vi om at logoen til Bymuseet i Bergen vert fjerna. Sjå vedlegg 1A for den versjonen vi brukar per august 2016 og vedlegg 1B for ei nærare forklaring til bruken av skjemaet.

Vektskål-skjemaet

I prioriteringsutstillinga prøvde vi først ut den nederlandske «vektskåla». Dette er ein metode i seks steg for å vurdere verdien eller betydninga til enkeltgjenstandar, gjenstandsgrupper eller delsamlingar. Vurderinga skal grunnigvast, og metoden erkjenner at kunnskap om gjenstandar og samlingar fins hjå ulike grupper og personar, ikkje berre hjå museumstilsette. Det er meininga at vurderinga etter denne metoden skal kunne brukast som grunnlag for innsamlingspolitikk og planlegging, og skal kunne forklare kvifor ein gjenstand eller ei samling bør å bli bevart ved museet. For å gjennomføre denne metoden må ein bruke eit eige skjema. Sjå vedlegg 2A for norsk omsetting av skjemaet,⁵⁸ vedlegg 2B for ei nærare forklaring til metoden og vedlegg 2C for døme på definisjon av vurderingsrammer.

Erfaringar frå prioriteringsarbeidet

Det er mange faktorar som kan påverke ein prioriteringsprosess. Det er sjølvsagt avgjerande at ein har støtte frå styret og leiinga ved museet, fordi eit omfattande prioriteringsprosjekt kostar tid og pengar. I nokre tilfelle kan ein også måtte svare for avgjerder i media eller hjå andre eksterne partar.

I Bymuseet har det vore støtte både hjå styret og leiinga heilt sidan prosjektsøknaden vart sendt. Vi har sett behov for god informasjon til både tilsette og eigarstyrer. I nokre få tilfelle har det kome fram motvilje mot å prioritere i samlingane, men det har gjerne vore frå personar som ikkje har vore med i vurderingsarbeidet, som ikkje har så godt innblikk i kva vi har i samlingane, og som heller ikkje har ansvar for å prøve å skaffe forsvarlege magasin til den store prosentdelen av samlingane som til ei kvar tid ikkje er utstilt. Vi har utan tvil opplevd ei auka forståing for utfordringane hjå dei som har tatt del i prioriteringsprosessar. Det har vore ein open dialog og vi har henta inn kompetanse både frå tilsette i eigen organisasjon og hjå eksterne.

Det har vore viktig å legge til rette for ein open prosess som er godt fundert både fagleg og administrativt sett, samt sørge for at arbeidet vert godt dokumentert. Det vart gjort vedtak i representantskapet kring kva prosedyrar vi skulle arbeide etter.⁵⁹ Vi var mellom anna samde om at vi alltid skulle vere tre personar for å fatte vedtak i samband med prioriteringsarbeidet, eller to dersom direktør eller samlingsleiar var til stades. Det har så langt vore behov for å endre vedtektene i to av eigarstiftingane for å få til ein arbeidsprosess med mest mogeleg smidig saks-gang.

I begge metodane vi har prøvd ut, er det tenkt at ein skal «vege» gjenstandar opp mot kvarandre, der all tilgjengeleg informasjon om gjenstanden blir lagt på den imaginære vektskåla saman med sjølve gjenstanden. Å avgjere om ein gjenstand skal gå ut av samlinga er drastisk, og ein kan fort komme i tvil om ein tek den rette avgjerda. Vi har erfart at dette også gjeld i tilfelle der ein gjenstand skal inn i samlinga, sjølv om dette er mindre kritisk i og med at avgjerda ofte kan gjerast om.

Bruk av Primus

Bymuseet i Bergen brukar registreringsverktøyet Primus, og ein stor del av gjenstandane i samlingane er alt lagt inn der. Det er likevel stor variasjon i

⁵⁷ Musea i Hordaland har eit fellesmagasin, administrert av Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland.

⁵⁸ Oversatt til norsk av Siv Leden i samband med prosjektet Prioritering i bygningsamlingar i regi av Kulturrådet.

⁵⁹ Representantskapet er sett saman av representantar for alle eigarstiftingane, og har ein rådgivande og forslagsstillande funksjon overfor Bymuseet sitt styre.

registreringsnivå: noko har berre fått nemning og museumsnummer, anna ligg inne med mykje informasjon. Ein kan også registrere statuskode for den enkelte registrering og den indikerer om gjenstanden er vurdert som svært viktig eller mindre viktig. Denne funksjonen har vore svært lite brukt tidlegare.

Vi bestemte oss tidleg for at vi ville utnytte dei mulighetene som ligg i Primus, og databasen vart difor vårt viktigaste arbeidsreiskap både for dokumentasjonen sin del, men også som ein måte å sikre kravet til openheit og transparens.

Vi oppretta postar i aksjesjonsmodulen for alle uregistrerte gjenstandar, slik at vi fekk knytt foto til posten. Slik har uregistrert materiale blitt gjennomgåande dokumentert heilt fram til endeleg tiltak, enten det skulle innlemmast i samlinga, overførast til formidlingsavdeling som rekvisitt, avhendast til andre eller destruerast.

For prioriteringane gjennomført i samband med utflytting frå magasinet i Arna vart det ikkje gjort ei grundig registrering, men det vart oppretta post i aksjesjonsmodulen med nemning og foto i tillegg til løpenummeret. Dette vart lagt inn i ettertid ettersom det ikkje var internett på staden.

Vi bestemte at gjenstandane som skulle vurderast under utstillingsperioden skulle få ei fullstendig registrering, med alle opplysningar og foto av kvar enkelt gjenstand. Alle registreringskort og tilvekskatalogar blei funne fram på førehand, slik at vi kunne legge inn all tilgjengeleg informasjon. Alt blei fullverdig registrert enten i sjølve registreringsmodulen eller i aksjesjonsmodulen; nemning, id-nummer, emneord, materiale, mål, tilstand og statuskode blei registrert. På denne måten fekk vi dokumentert kvar enkelt gjenstand fullt ut, uansett tilstand og status i samlinga, og det gav oss eit oversyn vi aldri har hatt over noko anna gjenstandsgruppe. Det vart oppretta nye statuskodar i Primus-basen, slik at gjenstandar som vart vedtatt å ta ut av samlinga enten fekk status som rekvisitt, avhenda eller destruert. Det vart også lagt til ein kommentar med dato. I tillegg vart talet endra til 0 slik at gjenstanden ikkje lenger vil telje i statistikken. Vurderingsskjema for den enkelte gjenstand vil bli skanna og lagt ved posten i Primus. Det er også skriven ein detaljert prosjektrapport etter utstillinga slik at det vert mulig for andre å forstå kva som blei gjort, og kvifor.

Erfaringar ved bruk av prioriteringsverktøy

I løpet av prosessen endra vi vårt eigenutvikla PRIO-skjema ved at vi stokka om på nokre tema og spørsmål for å få ei meir logisk oppbygging av skjemaet. Den viktigaste endringa var at vi konkretiserte kva som skulle til for å bruke dei ulike nivåa i skalaen, noko som står spesifisert i sjølve skjemaet (*sjå vedlegg 1a*). Det vart eksperimentert med å bruke tre i staden for fem skåre-alternativ, men erfarte at det då vart ein tendens til at det ofte vart gitt middels skåre. Vi fekk etter kvart meir erfaring med vurdering av gjenstandar og våga difor å vere meir konsekvente og å stole på egne vurderingar.

Kriteriene i «Vektskål-skjemaet» er omfattande, og blir følgt av ein del hjelpespørsmål. Kvar gjenstand blir gitt anten låg, middels eller høg verdi innan ulike kategoriar i skjemaet. Krava til kva som må til for å få t.d. høg verdi hadde vi ikkje klare heilt frå starten, men vi arbeidde dei fram undervegs i den tidlege fasen av arbeidet. Etter noko prøving og feiling blei vi til slutt samde om at vurderingskriteriene i vedlegg 2c kunne fungere for oss. Vi var usikre på korleis snittresultatet skulle tolkast i tilfelle der vi berre kunne svare på nokre få av spørsmåla i skjemaet.

For begge desse metodane er det avgjerande at ein brukar kommentarfeltet. I ettertid er det vanskeleg å tolke skjema der det berre er sett kryss/skåre utan kommentarar. I tillegg opplevde vi at det var lurt å la det gå noko tid frå vedtak om eit tiltak til gjennomføring. Ved fleire høve revurderte vi og gjorde om vedtak.

Etter kvart som vi fekk meir erfaring med bruken av dei to metodane, vart vi samde om at vi føretrekk PRIO-skjemaet. Årsaka til det er nok samansett, men nokre hovudpoeng kan trekkast fram: Skjemaet er utvikla med våre samlingar i tankane. Spørsmåla er noko enklare formulerte enn i «Vektskåla», hovudsakleg grunna at dei er utarbeidd for å gjelde den type samlingar Bymuseet forvaltar, utan å skulle fungere for alle type museumssamlingar. Vi likar godt at informasjon om vedtak kan registrerast på same skjema. I tillegg syns vi bruken av tal-skåre gir oss ein god peikepinn og er lettare å bruke enn ein skåre formulert med ord. Vi syns også at tre skåre-alternativ var litt for snevert, og opplevde at det var lett for at mange av spørsmåla vart gitt middels skåre. Om dette hadde si årsak i at vi var usikre på grunn av manglande erfaring eller at kriteria/hjelpespørsmåla var for lite konkrete, er vanskeleg å seie. Det er godt mogeleg vi hadde fått ei anna erfaring om vi tilpassa skjemaet med talskåre og fem skåre-alternativ, men dette har vi ikkje forsøkt i skrivande stund.

Påverknad av ytre faktorar

Dei to prioriteringsprosjekta Bymuseet i Bergen gjennomførde i prosjektperioden var svært ulike. I Arna hadde vi dårlege fysiske arbeidsforhold, det var mørkt, kaldt og rått. Heller ikkje gjenstandane vi arbeidde med medverka til optimisme; mykje var skadd og øydelagt i form av omfattande korrosjon eller skadar etter treborande insekt.

Arbeidet med utstillinga var heilt motsett. Stolane i utstillinga vart reingjorde på førehand, dei stod i eit opplyst rom, vi hadde gode arbeidsforhold i reine og varme lokale. Ikkje minst kjende vi dufta av nysteikte vaflar og fekk publikum på besøk. Dei forskjellige rammene rundt arbeidsoppgåvene gjorde noko med måten vi såg på gjenstandane på. Det var heilt klart vanskelegare å sjå verdien i gjenstandar i dårleg tilstand i mørke, kalde lokalar, og arbeidet kravde stort medvit om kva vi heldt på med.

Avvikling av magasinet i Arna

Prosjektet blei definert som ei ordinær arbeidsoppgåve, og det blei difor ikkje sett av eit eige budsjett til dette. Pakkemateriell, transportkostnader og verneutstyr gjekk på samlingsavdelinga sitt faste driftsbudsjett, på same måten som leige av konteinar og frysetenester. Alle tilsette i samlingsavdelinga deltok i arbeidet, i tillegg til noko hjelp frå tilsette i andre avdelingar.

I magasinet var det plassert mange gjenstandar som vi visste at det fans liknande av i andre av magasinane. Mykje av materialet var ikkje registrert. Vi hadde ikkje tilgang til internett og registreringsbasen på staden, og det vart dermed svært tungvindt å få oversikt over kva museet samla sett hadde innan dei ulike gjenstandskategoriene. Vi hadde i starten ikkje erfaring med ei skjematisk vurdering med påfølgjande prioritering av gjenstandar, og det var heller ikkje alltid lett å verte einige. Kan hende stolte ikkje vi nok på oss sjølve til å ta avgjerder i starten. Saman med tidspresset for å tømme lokalet, gjorde dette difor at vi tok med mange gjenstandar til det nye magasinet «for å vere på den sikre sida». På denne måten kjøpte vi oss meir tid, men på den andre sida gjer det at gjenstandane tar opp verdifull plass og at vi er nøydde til å gjennomføre prioriteringsprosessen på eit seinare tidspunkt. Mykje vart likevel avgjort på staden, sjølv om det vart tidspres på slutten og vi måtte flytte med oss gjenstandar som ikkje var vurdert.

Med så stort preg av kaos var det ikkje alltid like lett å huske at det som stod i lokala i utgangspunktet var *museums-gjenstandar*. Først etter ei individuell vurdering skifta tinga status. Det var av og til vanskeleg å av-

gjere om ein gjenstand skulle bevarast eller takast ut av samlinga på bakgrunn av samla skåre i skjemaet. Enkelte gjenstandar vart bevarte som museumsgjenstandar, sjølv om dei fekk svært låg skåre. Dette var gjerne grunna at dei var einaste eller ein av svært få av sin type. I andre tilfelle blei gjenstandar med høgare skåre tatt ut av samlinga utelatande på grunn av tilstand, særleg der vi visste at vi hadde tilsvarande gjenstandar i betre stand og med betre dokumentasjon.

Ei erfaring vi er nøye med å ta med til seinare prosjekt, er at vi må vere flinke til å bruke kommentarfeltet. Vi var ikkje like flinke til dette i starten av arbeidet, men innsåg så at det kan vere vanskeleg å forstå kva som har vore bakgrunnen for den enkelte skåren om ein skal gå tilbake og sjå på vurderingane i etterkant.

Prioriteringsutstillinga

Målet med utstillinga var både å få gjennomført registrerings- og prioriteringsarbeid på utvalde gjenstandsgrupper og å formidle samlingsforvaltningsarbeid til publikum. Dette er ein del av dei daglege oppgåvene som publikum sjeldan får sjå, og vi ønskte å invitere dei bak kulissane i eit tenkt magasin. Vi henta stolar både frå Hordamuseet og Gamle Bergen Museum. Alle stolane blei frosne og reingjort før dei blei plassert i utstillinga. Vi gav dei ei tematisk plassering etter stil/epoke og funksjon for å lette samanlikninga i vurderingsprosessen.

I tillegg til lønskostnader for dei involverte, sette Bymuseet av kr 75.000 til utstillinga. For desse pengane vart det kjøpt inn pallereolar til utstillingsrommet, for seinare gjenbruk i magasinet. I tillegg gjekk budsjettet til mellom anna PC, arbeidsbord og –lamper, noko ekstrautstyr til fotografering og trykking av utstillingstekstar.

Det var tilsette til stades i utstillinga alle vekedagar og enkelte søndagar. I tillegg hadde vi ein foredragsserie med relevante tema. Til saman hadde vi tre ulike foredrag; samlingsleiar Anne Børke snakka om prioriteringsarbeidet i museumssamlingane ved Bymuseet, førstekonservator Trond Indahl ved KODE førelas om stolar og kunsten å sitte, medan Einar Økland fortalte om samlarens psykologi.

Alle tilsette i samlingsavdelinga gjekk inn som resurspersonar i utstillinga, og vi hadde dermed ein samla kompetanse innan konservering, kunsthistorie, sosiologi, kulturvitskap og etnologi. Bymuseet har også møbelsnekkarar og historikarar som vi knytte til oss. I fleire tilfelle brukte vi også det eksterne fagle-

ge nettverket vårt for å få innspel og avklaringar. I tillegg hadde vi lett tilgang til relevant faglitteratur i utstillingslokalet.

Både enkeltpersonar, grupper og stamgjestar i museumskafeen kikka stadig innom for å sjå utstillinga. Hordamuseet har normalt sett ikkje så stort besøk av enkeltpersonar i vekedagane og gruppebesøk var gjerne avtalt på førehand. Dette gjorde at vi fekk ein god balanse mellom formidling til publikum og periodar der vi fekk ro til å gjennomføre vurderingsprosessar.

Mange viste stor forundring over mangfaldet og mengda av relativt like gjenstandar. Sjølv om enkelte i utgangspunktet vart overraska over det vi arbeidde med, opplevde vi at dei aller fleste etter dialog fekk ei større forståing for utfordringane vi står ovanfor. Kollegaer frå andre museum viste interesse for utstillinga og dei prosessane vi arbeidde med. Vi hadde besøk av både større grupper og enkeltpersonar frå mange museum, noko som i tillegg til dialogen med det ordinære publikumet gav oss nok «motstand» i arbeidet til at vi heldt dei faglege diskusjonane ved like.

Låg-middels-høg verdi. Kva så?

Det var litt variasjon i kor mange av spørsmåla vi greidde å svare på for kvar enkelt gjenstand i begge delprosjekta. Av og til var det spørsmål vi ikkje følte det var relevant å svare på, medan andre gongar svartte vi på alle.

Nokre stolar som blei vurderte til å ha låg verdi i dei fleste kategoriane blei likevel bevarte i samlinga, ofte som representant for ein type. Ingen stolar som hadde flest skåre på høg verdi blei tatt ut av samlinga.

Tilstand, opplysningar om proveniens i tillegg til sjeldanheit og samanheng var viktige faktorar. Sjølv om proveniens er sentralt i museumssamanheng, har Bymuseet svært mange gjenstandar utan god dokumentasjon. Vi vurderer heller ikkje opplysningar om proveniens som sentralt i alle tilfelle. Dersom ein gjenstand passa inn i dei tema og historiske/stilmessige epokane Bymuseet skal dokumentere, blei den ofte tatt vare på trass i manglande proveniens.

Størstedelen av dei vurderte gjenstandane frå Arna var korkje registrerte i tilvekstprotokoll eller i katalog, og det var dermed store mengder gjenstandar utan opplysningar. Berre for nokre få av landbruksmaskinene kunne vi seie noko om proveniens. Det vi avgjorde å bevare som museumsgjenstandar blei for ein stor del valt ut som representantar for sin type/funksjon, på grunn av tilstand og «for å vere på den sikre sida». Det endelege utvalet må vi dermed ta etter ei meir grundig vurdering av kva type landbrukssamling

Hordamuseet skal ha.

Då utstillinga var ferdig, hadde vi vurdert og dokumentert i alt 365 stolar frå samlingane ved Hordamuseet og Gamle Bergen museum. Av desse vart vel 55% bevart, medan vel 18% vart tilbydt som rekvisittar. Dei resterande 26% vart destruert. Felles for sistnemnde kategori var at gjenstandane var i dårleg tilstand.

Ingen fasitsvar

Korkje PRIO-skjemaet eller Vektsskål-skjemaet gir ein fasit. Det var ofte ikkje vurderinga av den einskilde gjenstanden som avgjorde, men kva som er i samlinga innan den enkelte gjenstandskategori. Spørsmål om representativitet og autentisitet blir sentrale. Gjennomgangen av stolar i utstillinga viste at Bymuseet har svært få spesielle og eigenarta stolar; dei aller fleste er i hovudsak døme på stilartar som *nyrokoko*, *biedermeier*, *jugend/art nouveau* og samlekategorien *historisme*. Når dei fleste i tillegg er utan opplysningar om givar, tidlegare eigar eller produsent blir det eit spørsmål om kor mange Bymuseet må ha for å kunne vise nokolunde komplette interiør og for å kunne illustrere dei ulike periodane. Dermed blir tilstanden svært avgjerande.

Ei gruppe gjenstandar som vart grundig diskutert var maskiner frå ein treskomakarverkstad. Maskinene representerte delar av ei produksjonslinje, men var ikkje komplett. Dei var dessutan svært korroderte, og fundamenta maskinene var monterte på var i svært dårleg stand. Dette gjorde at dei tunge maskinene stod i fare for å falle over oss under handtering. Heile samlingsavdelinga deltok i ei prinsipiell drøfting om gjenstandane med dette bakteppet: I Gulen i Sogn og Fjordane fins Sellevåg treskofabrikk med komplett produksjonslinje. Fabrikken er freda av Riksantikvaren og er såleis grundig dokumentert. På Osterøy utanfor Bergen fins ein annan, mindre treskofabrikk med store delar av produksjonslinja intakt.⁶⁰ Begge fabrikkane er tidvis opne for publikum, og dermed fins to formidlingsstader for treskoproduksjon i rimeleg avstand frå Bergen. Bymuseet i Bergen på si side har maskiner og verktøy for lærskomakar – skal samlingane i tillegg ha delar av ein treskomakarverkstad når dette faget er så godt dokumentert og formidla andre stader? Vi gjorde eit todelt vedtak: vi ville prøve å avhende maskinene til ein av desse to fabrikkane. Dersom ikkje det lukkast, skulle maskinene destruerast. Dei to fabrikkane i Gulen og på Osterøy takka nei til maskinene, og materialet blei dermed destruert. Vi er ikkje redde for å innrømme at kostnadene ved vidare

⁶⁰ Treskoverkstadene er forvalta av Osterøy Museum, Museumssenteret i Hordaland.

bevaring også spelte inn ved avgjerda. Maskinene var i så dårleg stand at dei truleg ikkje ville tolt flytting. Kvar for seg var dei også «store» (om lag 3m3) og svært tunge, og dei kunne difor ikkje plasserast i reolar i magasinet. Det ville ha kosta svært mykje å konservere maskinene, og det er tvilsamt om dette nokon gong ville vorte prioritert å bruke ressursar på. Vi vurderte det også som lite truleg at gjenstandane ville verte stilt ut i løpet av dei neste tiåra.

Desse skomakarmaskinene er eit døme på gjenstandar som fekk middels skåre på fleire felt, men svært låg skåre på tilstandsdelen. Etter ei total vurdering var vi ikkje i tvil om at avhending, og til sist destruksjon var den rette konklusjonen. Dette viser at skjemaet og snittskåren åleine ikkje er nok til å ta ei avgjerd. Sjølv der vurderinga ikkje gir ein tydeleg peikepinn, meiner vi at prosessen har ein god funksjon, ved at det vil hjelpe tilsette til å ta meir medvitne val.

Vel halvparten av dei uregistrerte gjenstandane i delprosjektet i Arna vart destruerte. Dette seier noko om tilstanden deira; mange gjenstandar hadde omfattande skadar og mykje var ikkje komplett. Sjølv om mykje har vore utsett for nedbryting i dei dårlege magasinane er det ei kjensgjerning at tilstanden på mange av gjenstandane ikkje var optimal då dei i si tid blei tatt inn for vurdering/innlemma i samlingane. Det same gjaldt for stolane, der vi mellom anna fann følgjande notat på eit registreringskort: «*Stolen har knekt forben og mangler sete.*»



Utstillingslokalet under utstillinga Vi ryddar i fortida – for framtida skulle illudere eit magasin, og hadde i tillegg arbeidsstasjonar for registrering/ vurdering og fotografering.

Avslutning

Vi veit at mange museum er i ein relativ lik situasjon som det Bymuseet er i: Ein del gjenstandar har aldri vorte vurdert for innlemming i samlingane, noko fell utanfor samlingsprofilen, og atter andre gjenstandar er i så dårleg stand at ein vanskeleg kan forsvare å bruke av knappe ressursar på å forvalte materialet vidare. Då må ein etter kvart ta konsekvensen av det og gjere medvitne val. Musea får offentlege midlar for å utvikle og forvalte samlingar på best mogeleg måte, både for oss som lever i dag og for framtidige generasjonar. Det gjer vi ikkje dersom vi til ikkje har plass til å samle inn nytt materiale og samtidig brukar ressursar på gjenstandar som viser seg å ha liten betyding i samlinga.

Vi håpar at både retningslinjene og denne rapporten kan vere ei god støtte for museum som skal arbeide med prioritering i samlingane. Mykje vil sjølvstendig variere frå prosjekt til prosjekt, alt avhengig av graden av forankring hjå styret og leiinga, tilgjengelege ressursar og areal, oversikt, graden av dokumentasjon og sjølvstendig kunnskap hjå deltakarane.

Skjemaet vi har utvikla er tilpassa den typen samlingar vi har arbeidd med. Dersom ein skal vurdere t.d. masseprodusert elektronikk, må kanskje enkelte formuleringar justerast. Det trengs sikkert andre tilpassingar dersom det skal brukast for å prioritere i kunst- eller naturhistoriske samlingar. Skjemaet er meint å vere dynamisk, og andre står fritt til å bruke og tilpasse det etter eigne behov. Ved endring ber vi om at logoen vert fjerna.

Vi gjorde mange erfaringar underveis og nokre av dei viktigaste er:

- Arbeidet bør vere forankra i styret, eigarstiftingar og hjå leiinga i museet. Det er mykje å vinne på å vere open om prosessen og å informere godt til alle involverte partar.
- Det er viktig å diskutere seg fram til kva prosedyrar ein skal følgje, og kva dokumentasjonsnivå ein skal legge seg på. Kanskje vil det variere frå ei gjenstandsgruppe til ei anna? Skal ein vurde-

re å gjere prioriteringsprosessar på grupper av gjenstandar framfor på enkeltgjenstandar? Kva tilpassingar bør ein i så tilfelle gjere?

- Det er nyttig å finne plass til å vurdere «like» gjenstandar opp mot kvarandre. Arbeidet blir meir utfordrande dersom ein ikkje får sett mange av same gjenstandstypen i lag. Ein bør ha som krav at ein har nokolunde oversikt over kva ein har frå før innan ein gitt kategori og kva tilstand det er i, før ein fattar avgjerder.
- Ver open for diskusjon rundt nye spørsmål undervegs. Vi hadde mellom anna fleire rundar på om det er slik at storleiken er ein faktor når vi diskuterer kor mange vi må ha av ein type gjenstand? Tenk til dømes på treskeverk og kaffikjellar - begge to er noko ein gard/husstand gjerne berre hadde bruk for ein av om gangen. Vår erfaring er at det er lettare å tenkje at ein bør redusere talet på store gjenstandar i samlinga. Slike diskusjonar bør ein ta seg god tid til, slik at alle som er med i arbeidet er medvitne om utfordringane vidare i prosessen.
- Det er viktig å bruke sunn fornuft. Vi må stole på eigen fagkompetanse, og hente inn kunnskap frå eksterne ved behov. Vi må også ha samlingsomfang, magasinplass, representativitet/autentisitet med i vurderingane.

Før ein set i gang ein prioriteringsprosess, bør ein ha ein plan som mellom anna klargjer desse punkta:

- Kva skal vurderast?
- Kvar skal arbeidet utførast?
- Kva budsjett/tidsrom har ein til rådvelde?
- Korleis kan ein undersøke om der er eventuelle hindringar for avhending/destruksjon?
- Kor mange skal vere med på å fatte avgjerder?
- Korleis skal ein handtere materiale som ikkje er aksjonert?

- Kva bevaringsforhold trengst til det som skal bevarast?
- Korleis skal ein handtere omdefinering til bruksgjenstand/rekvisitt?
- Korleis skal ein handtere ein gjenstandar som er vedtatt avhenda?
- Korleis skal eventuell destruksjon av gjenstandar gjennomførast?

Vi vonar at publikasjonen *Retningslinjer for prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske museumsgjenstandar* vil gjere det enklare for andre museum å ta fatt på desse oppgåvene. Vidare håpar vi at andre museum er med og tar stafettspinnen vidare og ser på tilpassing av retningslinjer og metodar for andre typar samlingar.

Vi trur at det er fullt mogleg å gjennomføre ei forsvarleg prioritering i samlingane utan å brette

nakken. Hos oss har dette kosta mykje tid og ein del pengar, men hugs at målet med prosjektet har vore å utarbeide retningslinjer, prøve ut prioriteringsmetodar og å vinne erfaring. Det er ikkje nødvendig med ei utstilling for å ivareta kravet om openheit! Ein kan velje gjenstandar ut frå typologi eller tema, og ein kan bestemme seg for eit enklare nivå for registrering enn det vi valde i utstillingsprosjektet.

I Bymuseet sit vi igjen med ei god kjensle. Vi trur ikkje at vi har gjort større feil enn dei vi kan leve med, og vi meiner at vi ikkje har gått på kompromiss med korkje vår eigen museumsetiske ståstad eller det internasjonale regelverket. Vi vil hevde at vi sparer både oss sjølve og komande generasjonar for arbeid og frustrasjonar gjennom dei prioriteringane vi no har gjennomført. Vi kjem til å fortsetje med prioritering som ein integrert del av forvaltningsarbeidet - vi trur rett og slett at samlingane våre blir betre dersom vi vågar å ta stilling og gjere medvitne val!



Koffertar og anna reiseutstyr har vore gjennom prioritering og er vedtatt bevart som museumsgjenstandar. Dei har fått plass i det nye hovedmagasinet for Bymuseet i Bergen.

Litteraturliste

- Antonsen, Askild. 2012. *Massiv avhending fra Forsvarsmuseets samlinger*. <http://www.forsvaretsmuseer.no/Forsvarsmuseet/Samlingene/Massiv-avhending>
- Assessing Museum Collections. Collection valuation in six steps*. Cultural Heritage Agency, Nederland 2014, http://cultureelerfgoed.nl/sites/default/files/publications/assessing-museum-collections_0.pdf
- Bergeovet, F., Kok, A., de Wit, M. (eds.). 2006. *Netherlands guidelines for deaccessioning of museum objects*. Netherlands Institute for Cultural Heritage.
- Bjørke, A., Nielsen, M.L. og Ramskjær. *Antikvitetsutsal frå museum?* Kronikk i Nationen 24.03.2015.
- Bjørke, Anne. *Vél bevart? Tilstandsvurdering av museumssamlingar*. ABM-skrift #59. 2009.
- Centralmuseernas samarbetsråd. 2010. *Förstärkt samarbete inom museisektorn. Slutrapport Ku2010/552/KT*.
- Disposal toolkit. Guidelines for museums*. Museums Association 2014. <https://www.museumsassociation.org/collections/disposal-toolkit>
- Eeg, Thomas. 2014a: *Betenkning – rettslige skranker for museers avhendingsadgang m. m.* Upublisert manuskript.
- Eeg, Thomas. 2014b: *Juridiske betraktninger om museenes adgang til å avhende museumsgjenstander*. Foredrag på seminaret «Og den arven du har gitt oss kainn vær tung å ta med sæ...» på Bryggens Museum 13-14.03.2014. <http://hdl.handle.net/1956/7899>
- Eriksen, Anne. 2009. *Museum. En kulturhistorie*. Oslo: Pax forlag A/S.
- Framtidas museum*. Stortingsmelding nr 49 (2008-2009).
- Hordaland Landbruksmuseum 25 år*. 1971. Bergen. Boktrykk
- ICOMs museumsetiske regelverk*. Norsk ICOM 2014.
- Kirby Talley, M. Jr. 1999. *The Delta Plan: a nationwide rescue operation*. <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1111/1468-0033.00185/abstract>
- Leden, Siv. 2014. *Prioritering i bygningsamlinger. Bygningsforvaltning I museer. Metode for prioritering i bygningsamlinger.*, Kulturrådet.
- Norheim, Lars G. *Rettslige skranker for museenes avhending av museumsgjenstander*. Norsk Museumsutvikling 3:1997.
- Ny museipolitikk*, Statens Offentliga Utredningar 2015:89 <http://www.regeringen.se/remisser/2015/12/re-miss-sou-201589-ny-museipolitikk/>
- Shetelig, Haakon. 1944. *Norske museers historie. Festskrift til Thor B. Kielland på 50-årsdagen 9. 1. 1944*.
- Strand, Rebecca, Nedregotten. 2016: *Skatt eller skrap? Ein komparativ analyse av metodane for prioritering i norske museumssamlingar*. NTNU, Trondheim
- Retningslinjer for udskillelse og kassation. Kulturministeriet i Danmark, 2015. <http://slks.dk/museer/museernes-arbejdsopgaver/indsamling/udskillelse-og-kassation/vejledning-til-udskillelse/>

Reed, C. 2012. *Revising Significance 2.0 A framework for assessing museum collections' significance, management and use.*

Seilfaldet, H. og Bjørke, A. *Retningslinjer for avhending. Prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske museumsgjenstandar.* Kulturrådet 2015.

Significance. A Guide to Assessing the Significance of Cultural Heritage Items and Collections. Heritage Collections Council Australia. 2011.

SPECTRUM 4.0. The UK Museum Collections Management Standard. Collections Trust. 2011.

Thomsen, I. *Bedre kunstforvaltning.* Lesarinnlegg i *Nationen* mars 2015.

Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger. Norsk Museumsutvikling 5:2000.

Vie, Grethe Paulsen. 2013. *Significance – et verktøy for å vurdere våre museumssamlinger.* Rapport fra prosjektet *Prioritering av samlingene.* Haugalandmuseene.

Bibliografi

Collections Management Policy, The Metropolitan Museum of Art, New York. 2015 <http://www.metmuseum.org/about-the-met/policies-and-documents/collections-management-policy>

Deaccessioning & disposal. University of Alaska, Museum of the North, 2009: <https://www.uaf.edu/museum/collections/ethno/policies/deaccessioning/>

Deaccession and disposal in small Museums. Udatert. Museums & Galleries NSW, Australia. <https://sustainingplaces.files.wordpress.com/2012/09/deaccession-and-disposal-in-small-museums.pdf>

Vecco, Marilena og Piazzai, Michele. *Deaccessioning of museum collections: What do we know and where do we stand in Europe?* Journal of Cultural Heritage, Volume 16, Issue 2, March–April 2015, p. 221–227 <http://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S1296207414000466>

Dunn, Jayne and Das, Subhadra. 2013. *Why do we have it? A Significance Process Template*. Museums, Archives and Libraries Wales. Digital ISBN: 978-0-7504-8021-5

Johansen, A., Losnedahl, K. G., Ågotnes, H. J (red). 2002. *Tingenes tale. Innspill til museologi*. Bergen Museums skrifter.

Larsen, Peter. 2002. *Tingenes tale. Meditationer over en brødmaskine. I Tingenes tale. Innspill til museologi*. Johansen et al. Bergen Museums skrifter.

Miller, Steven H. 1997. «*Guilt-Free*» *Deaccessioning. I A Deaccession Reader*. Weil, Stephen E. (ed) American Association of Museums.

Reme, Eva og Økland, Olaug Norun. 2012. *Ting og typologier – en utforskning av landbruksutstillingen på Dalane Folkemuseum*. I Nordisk Museologi 2012.2

Strømsnes, Astrid Margrethe. 2003. «*Slik er det med museer...*» *Om museer og innsamlingsproblematikken*. Hovedfagsoppgave i kulturvitenskap. Universitetet i Bergen.

Vedlegg

| | |
|------------|--|
| Vedlegg 1A | PRIO-skjemaet |
| Vedlegg 1B | Forklaring til bruken av PRIO-skjemaet |
| Vedlegg 2A | Norsk oversetjing av Vektskål-skjemaet |
| Vedlegg 2B | Forklaring til Vektskål-skjemaet |
| Vedlegg 2C | Døme på definisjon av vurderingsram |

Vedlegg 1A: Prio-skjemaet

- prioritering i kulturhistoriske samlingar

| Bakgrunn for vurderinga | | Sted/dato for vurdering | Deltakarar |
|--|---|-------------------------|---|
| Kategori | Spørsmål | Kommentar | 1 |
| RELEVANS | I kva grad høyrer gjenstanden naturleg inn under museet sine fokusområde og samlingsprofil? | | Gjenstanden fell utanfor museet sin samlingsprofil |
| | I kva grad er gjenstanden unik eller spesiell i forhold til samlingane museet forvaltar? | | Museet har svært mange relativt like gjenstandar i samlingane |
| | I kva grad er gjenstanden frå ein periode som er dårleg representert i samlingane | | Svært mykje frå same periode i samlingane |
| TILSTAND | I kva grad er gjenstanden komplett? | | Svært mangelfull, let seg vanskelig tolke/formidle |
| | Kor god er tilstanden på gjenstanden? | | Strukturelt ustabil, svært nedbroten, vanskeleg handterbar |
| DOKUMENTASJON/ KULTURHIST. VERDI | I kva grad er gjenstanden dokumentert? | | Ingen informasjon |
| | I kva grad er gjenstanden knytt til ein bestemt person, gruppe, hending, stad, periode, prosess? | | Har ingen informasjon om dette |
| FORM. OG FORSK.VERDI | Kor truleg er det at gjenstanden kan formidlast i utstilling, som museumsgjenstand? | | Svært lite truleg |
| | Skal svarast på ved lav formidlingsverdi: Kor truleg er det at gjenstanden kan formidlast som rekvisitt (del av bruksamling/pedagogisk samling)? | | Svært lite truleg |
| | Skal svarast på ved lav formidlingsverdi: I kva grad har gjenstanden spesiell dokumentasjons- og/eller forskingsverdi (ut over ordinær formidlingsverdi)? | | I svært liten grad |
| Forslag til prioriteringstiltak | | Grunngjeving | Forslag til bevaringstiltak |
| Bevarast som del av grunnsamlinga | | | Magasineringsnivå: |
| Omdefinierast til bruksgjenstand/rekvisitt | | | |
| Avhending (presiser mottakar) | | | Evt. andre tiltak: |
| Destruksjon (presiser metode) | | | |
| Dato for endeleg vedtak | | | Signatur saksansvarleg |

| | | | | Mus.nr/løpenr | |
|---|---|---|--|---------------|------------|
| | | | | Betegnelse | |
| 2 | 3 | 4 | 5 | Skåre | Kat. skåre |
| Gjenstanden er i randsonen av museet sin samlingsprofil | Kan illustrere/ forklare, men er ikkje i kjernen av museet sin samlingsprofil | Gjenstanden representerer kjerneområder innan museet sin samlingsprofil | Gjenstanden bidreg til å forsterke/tydeleggjere museet sin samlingsprofil | | |
| Museet har mange relativt like gjenstandar i samlingane | Gjenstanden er godt representert i samlingane | Ikkje unik, men ein av svært få i samlingane | Unik, einaste i sitt slag i samlingane | | |
| Perioden er godt representert i samlingane | Perioden er godt representert, men gjenstanden forsterkar /utfyller samlingane | Perioden er dårlig representert i samlingane, men noko materiale fins | Gjenstanden er unik/svært spesiell mtp representasjon av ein periode i samlingane | | |
| Manglar sentrale delar, vanskeleg å tolke/formidle | Manglar viktige delar, men kan tolkast/formidlast | Manglar mindre sentral del/delar, gir framleis meining | Komplett, heil | | |
| Strukturelt ustabil, relativt omfattande skadar | Strukturelt stabil, ein del skadar | God stand, mindre omfattande, men synlege skadar | Svært god stand, kun ordinær slitasje etter bruk. | | |
| Kjent givar og/eller produsent | Noko kjent info ut over givar, eller informasjon kan skaffast | Godt dokumentert, evt medfølgjande informasjon (t.d. bruksanvisn o.l) | Har utfyllande informasjon, gjerne med personlege historier | | |
| Representativ for spesielle grupper/personar osv, men har ingen indikasjon på definitiv tilknytning | Kan truleg knyttast til spesiell gruppe/person/produsent osv. Har informasjons-potensiale | Er representativ, kan definitivt knyttast til spesiell gruppe/person/ periode | Tilhører definert periode/person/gruppe og er symbolgjenstand for perioden/personen/ gruppen | | |
| Nokså lite truleg | Kan skje i gitte situasjonar | Nokså truleg | Svært truleg | | |
| Nokså lite truleg | Kan skje i gitte situasjonar | Nokså truleg | Svært truleg | | |
| I nokon grad | Til ei viss grad, men ikkje spesielt høg | I relativt stor grad | I svært stor grad | | |

Informasjon om endeleg vedtak

| |
|--|
| |
| |
| |
| |

Vedlegg 1B: Bruken av PRIO-skjemaet

Skjemaet er utvikla av tilsette ved Bymuseet i Bergen og er her presentert i den versjonen som var i bruk per august 2016. Skjemaet kan fritt nyttast, vidareutviklast og endrast av andre utan løyve.

Oppbygging av skjemaet

Skjemaet er bygd opp slik at ein skal svare på spørsmål innan fire ulike kategoriar. Kvart spørsmål får ein skåre på ein skala frå 1 til 5, der 1 er lågast og 5 er høgast. Ein skal så legge saman skåren i kvar kategori og dele på så mange spørsmål som ein har svart på i den enkelte kategorien. Deretter legg ein saman snittskåren for dei fire kategoriane og deler på fire. Ein vil då få ein sluttskåre på mellom 1 og 5. Tanken er at skåren skal fungere som ein peikepinn på kor stor betydning/verdi ein gjenstand har.

Før arbeidet startar, bør ein vere samde internt om kriteriene for dei ulike talskåra, samt ha diskutert korleis ein skal tolke dei forskjellige spørsmåla. Det er viktig å bruke kommentarfeltet slik at ein kan gå tilbake og bli minna på kva som låg til grunn for skåren som vart gitt.

På nedre del av skjemaet er det plass til å skrive inn kva tiltak som vert foreslått etter vurderinga og kva endeleg vedtak blir.

Skjemaet må arkiverast og aller helst koplast til registreringssystemet som er i bruk på det enkelte museum.

Dei fire kategoriane

Skjemaet er delt opp i følgjande kategoriar: relevans, tilstand, dokumentasjons/kulturhistorisk verdi og formidlings- og forskingsverdi.

Relevans

Denne kategorien handlar om korleis ein gjenstanden relaterer seg til museet sin samlingsprofil, samt om den er unik som type i samlingane og kor godt representert tidsepoken er i samlingane. Innan denne kategorien kan ein gjenstand få høg skåre dersom den medverkar til å utfylle og/eller forsterke den tematiske profilen til samlinga, eller den er ein av få av liknande type, eller er frå ein periode som er dårleg representert elles i samlinga.

Tilstand

Kategorien tek opp spørsmål om gjenstanden sin fysiske tilstand; om den er komplett og om den har skader av nokon art, og i tilfelle kva omfang. Når det gjeld tilfelle der ein gjenstand har fått delar skifta ut, eller på anna vis er gjort tiltak med som minkar autentisiteten, så har vi valt å vurdere det som skadar i staden for å ha eit eige spørsmål knytt til det.

Dokumentasjon/kulturhistorisk verdi

Denne kategorien handlar om tilgjengeleg dokumentasjon om gjenstanden, som til dømes kven som gav den, tidlegare brukar, bruksområde, produsent osv. I tillegg er det spørsmål om den kan knyttast til ein bestemt person eller ei særskild gruppe. Dette spørsmålet kan vere vanskeleg å svare på – og det er viktig å ha definert på førehand korleis ein skal tolke det. Dersom det til dømes er snakk om jordbruksreiskapar, må ein bestemme seg for om ein skal definere bondestanden som ei spesiell gruppe. Vi valde å tolke dette spørsmålet noko strammare, slik at det i tilfelle måtte vere band til ei heilt spesifikk gruppering, hending eller liknande. Dersom vi skulle gi høg skåre. På andre sida meiner vi det vert feil at det skal trekke ned dersom ein gjenstand ikkje er knytt til ei spesiell gruppe, så vi valde i mange tilfelle å ikkje gi skåre på dette spørsmålet.

Formidlings- og forskingsverdi

Denne bolken har spørsmål om kor vidt gjenstanden kan formidlast i utstilling som vanleg museumsgjenstand eller eventuelt som del av ei bruks-/pedagogisk samling. Eit anna spørsmål er om den har spesiell dokumentasjons- og forskingsverdi ut over ordinær formidlingsverdi. I starten hadde vi ikkje klart for oss at spørsmåla i denne kategorien bør vere ordna hierarkisk. Dersom ein gjenstand kan formidlast i ei utstilling som ein tradisjonell museumsgjenstand som ikkje skal rørast, blir spørsmålet om den kan brukast aktivt i ei taktil formidling

som regel overflødig. Vi gjekk difor i løpet av arbeidet over til å berre svare på dei to siste spørsmåla i kategorien dersom det vart gitt låg skåre på det første spørsmålet. Målet må vere at dei siste to spørsmåla skal bidra til å heve den totale skåren innan kategorien, og altså ikkje redusere den.

Tiltaksdelen

Ein markerer kva prioriteringstiltak ein kjem fram til og grunngir dette. For gjenstandar som skal bevarast som del av samlinga, bør ein også vurdere kva type magasin ein vil prioritere for gjenstanden og notere eventuelle andre tiltak. I mange tilfelle er det små tiltak som trengs for å forsinke vidare nedbryting, t.d. betre klimaforhold i magasin, reingjering og stabilisering av skader. Dersom ein gjenstand er vurdert å vere svært relevant for samlinga, men er i ein aktiv nedbrytingsprosess, kan ein vurdere å prioritere plass i det beste magasinet og gjennomføre enkle stabiliseringstiltak.

Det er viktig å føre inn informasjon om kva det endelege tiltaket vert, korleis og når det vert gjennomført og kven som er saksansvarleg ved museet.

Vedlegg 2A: Norsk oversetjing av Vektsskål-skjemaet

Opplysningene på denne delen av skjemaet blir brukt under hele vurderingen, og kan kopieres til nye skjemaer.

| | |
|--|-----------|
| Bakgrunn for vurderinga | Utført av |
| Problemstilling for vurderingen | Dato |
| Referanseramme for vurderingen med begrunnelse (Bruk referanserammeskjemaet som hjelpemiddel til dette.) | |

Definisjon av vurderingsrammer
Beskriv hva et objekt eller en (del) samling må oppfylle for å tildeles hhv. lav, middels eller høy verdi etter de ulike kriteriene

| Kriterier | | Hjelpespørsmål | Lav | Middels | Høy |
|----------------------|---|--|-----|---------|-----|
| Egenskaper | Tilstand (status, intakthet, materiell autentisitet, materiell integritet) | Framstår objektet/samlingen i god tilstand, er det komplett, er det i original tilstand, er det egnet til bruk? | | | |
| | Sammenheng (ensemble, komplett, helhet, tilhørighet, konseptuell integritet, konseptuell autentisitet, kontekstuell autentisitet) | Består objektet/samlingen av enkeltdeler som sammen utgjør en helhet? Hvordan? Er helheten komplett? | | | |
| | Opprinnelse (dokumentasjon, livshistorie, biografi, kilder, proveniens, avstamming) | Er opprinnelsen til objektet/samlingen kjent, dokumentert, troverdig? | | | |
| | Sjeldenhet og representativitet (unikhet, eksempelverdi, prototyp, typeeksempel) | Er objektet/samlingen unikt i verden, i landet, innen samlingen? Er det i høy grad representativt for en bestemt periode, sted, stil, strømning, bruk, tema, samfunn? | | | |
| Kulturhistorisk | Historisk (biografisk, sosial-historisk, naturhistorisk, teknikkhistorisk, vitenskapshistorisk) | Er det en tilknytning til en bestemt person, gruppe, hendelse, sted, aktivitet i fortiden? Er det n tilknytning til en bestemt periode, prosess, tema, utvikling, tidsbilde eller levemåte? | | | |
| | Kunstnerisk (kunsthistorisk, arkitekturhistorisk, design, håndverk, utførelse, dekor) | Er objektet/samlingen spesielt i design, konsept, utførelse, utforming, teknikk, kreativitet? Representerer det en bestemt stil, strømning, kunstner? | | | |
| | Informativ (studier, forskning, vitenskap, dokumentasjon, referanse, vitnesbyrd/bevis, arkiv) | Blir objektet/samlingen bevart på grunn av informasjonen det rommer og kan den studeres? | | | |
| Sosial-samfunnmessig | Samfunnmessig (sosial, åndelig, religiøs, politisk, symbolsk, fellesskap, identitet) | Fyller objektet/samlingen en funksjon for en bestemt gruppe eller et fellesskap her og nå? Finnes det grupper som har en spesiell tilknytning til objektet? Har det en aktuell sosial, religiøs, politisk, samfunnmessig betydning? Er objektet viktig for identiteten til en gruppe akkurat nå? | | | |
| | Opplevelse (følelse, sanseinntrykk, estetisk, assosiativ) | Vekker objektet/samlingen en bestemt kollektiv opplevelse? Utstråler det en bestemt atmosfære, vekker det følelser? Spiller det på en bestemt måte inn på sanseopplevelser? | | | |
| Bruk | Museal (formidling, undervisning, forskning) | Blir objektet/samlingen brukt til formidling, undervisning eller forskning akkurat nå? Spiller det en særlig rolle i utstillingen? Blir det publisert noe om det? | | | |
| | Økonomisk (bedriftskapital, finansiell, PR, spin-off, reiseliv, omdømme) | Genererer objektet/samlingen inntekter til organisasjonen? Trekker det besøkende? Er det avgjørende for omdømmet til organisasjonen eller hvor velkjent den er? | | | |
| Supplerende | Fyll inn | Beskriv | | | |
| | Fyll inn | Beskriv | | | |

Opplysningene på denne delen av skjemaet blir brukt under hele vurderingen, og kan kopieres til nye skjemaer.

| Utført av | | | |
|--|--------------------------------------|------------------------|-------------------------------------|
| Dato | | | |
| Opplysninger om objekt eller (del)samling: | | | |
| Vurdering* | Begrunnelse/argumenter for vurdering | Utviklings-potensial** | Beskrivelse av utviklingsmuligheter |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

* Vurdering. Vurderingsscore kan tilkjennes med ord, f eks "lav", "middels", "høy". Dersom et kriterium ikke er aktuelt, skriv "passer ikke".

Begrunnelsen for vurderingsscoren skrives i feltet ved siden av.

** Utviklingspotensial. Er det stor, noen, liten eller ingen mulighet for en høyere vurdering av objektet/samlingen ved f eks undersøkelser/ forskning, restaurering eller plassering i en passende kontekst? Bruk skalaen 0 til 3: 0= ingen, 1= liten, 2= noen, 3= stor. I feltet ved siden av beskrives hva som kan gjøres for å benytte potensialet.

Vedlegg 2B: Bruken av Vektskål-skjemaet

Metoden På den museale vektskåla er utvikla i Nederland av Rijksdienst voor het Cultureel Erfgoed, og er oversatt til engelsk som *Assessing museum collections*¹. Dette er ein metode i seks steg for å vurdere verdien eller betydninga til enkeltgjenstandar, gjenstandsgrupper eller delsamlingar. Metoden skal kunne fungere for ulike typar samlingar. Vurderingane skal grunnvist, og metoden erkjenner at kunnskap om gjenstandar og samlingar fins hjå ulike grupper og personar, ikkje berre hjå profesjonelle museumsfolk.

Metoden er sett saman av tre overordna steg, vurdering på gjenstands- eller samlingsnivå (steg 4) og vidare planlegging av forvaltningsarbeidet (steg 5 og 6). Tanken med dei to sistnemnde stega er at det skal kunne fungere som grunnlag for innsamlingspolitikk og planlegging, og skal kunne forklare kvifor ein gjenstand eller ei samling fortener å bli bevart ved museet. For å bruke denne metoden (steg 1 til 4) er det utvikla eit eige skjema, som vist i vedlegg 2a.

Steg 1, 2 og 3

Dei tre første stega i vurderingsmetoden inneber å definere bakgrunn og problemstilling for vurderinga. Dette kan vere å avvikle eit magasin, å vurdere ei delsamling for inntak, innskjerping av samlingsprofil eller ein typologisk gjennomgang. Ein må også klargjere den referanseramma ein skal arbeide innanfor, dvs. om ein vurderer på nasjonalt eller regionalt nivå, eller om det t.d. er museet sine eigne samlingar som utgjer ramma for arbeidet. Metoden har også eit eige skjema for referanserammene, der ein kan definere kva grupper eller personar som knyter verdi til ein gjenstand, og kva grupper gjenstanden kan vere viktig for. Desse tre overordna stega utgjer dei første feltene i vurderingsskjemaet og vil vere like for alle skjema som skal fyllast ut i same vurderingsprosess.

Steg 4

Dei feltene som vil vere individuelle for kvar gjenstand utgjer hovuddelen av skjemaet, og dermed også for vurderinga. Denne samlinga av skjema blir då grunnlaget for vidare planlegging innan samlingsforvaltning. Ein kan velje å bruke det til å rangere samlinga i t.d. kjernesamling og pedagogisk samling, ein kan peike ut nye innsamlingsområde eller ein kan bruke informasjonen i vidare planlegging, eller til å vurdere vidare tiltak for enkeltgjenstandar.

Steg 5 og 6

I steg 5 skal ein handsame vurderingane og informasjonen frå dei føregåande, noko som kan resultere i alt frå ei oppsummering av betydninga/verdien det vurderte materialet har til ein plan for korleis ein kan auke verdien på materialet. Vidare kan ein, som steg 6, også bruke vurderingane for ei meir strategisk planlegging av samlingsforvaltning og –utvikling, som bakgrunnsmateriale for å fatte avgjerder rundt prioriterte tiltak.

Dei ulike kategoriane

Skjemaet er delt opp i fire kategoriar: Egenskaper, Kulturhistorisk, Sosial/samfunnsmessig og Bruk, som igjen er delt opp i kriteriepunkt med ein del hjelpespørsmål til kvart punkt. Saman med eit sett definisjonar av vurderingsrammene skal kvar gjenstand bli gitt låg, middels eller høg verdi i vurderinga. Krava til kva som må til for å få t.d. høg verdi må formulerast av museet. I tillegg til dei fire definerte kategoriane, er der òg rom for supplerande kriterier.

Eigenskapar

Tema i denne kategorien er tilstand, samanheng, opphav og representativitet. Det blir stilt spørsmål om gjenstanden er del av ein (komplett) samanheng eller kontekst, i tillegg til opplysningar om proveniens, sjeldanheit og representativitet. Det er viktig at ein til dømes har definert om vurderinga skal gjerast ut frå eiga samling, på regional eller nasjonal basis.

¹ Assessing Museum Collections. Collection valuation in six steps http://cultureelerfgoed.nl/sites/default/files/publications/assessing-museum-collections_0.pdf

Kulturhistorisk kategori

I denne bolken er det historisk, kunstnarisk og informativ verdi som skal vurderast. I dette ligg spørsmål om gjenstanden kan knytast til spesielle personer, grupper, hendingar, stader og periodar. Det er altså sikre opplysningar som gir svara her. Vidare skal ein svare på om gjenstanden representerer ein spesiell stil, design eller konsept, og om gjenstanden blir bevart på grunn av den informasjonen den rommar. Til det siste spørsmålet kan ein til dømes sjå for seg at delar av ein stol blir bevart fordi den har spesiell dekor, sjølv om delen ikkje lenger fungerer som ein stol.

Sosial-samfunnsmessig kategori

Enkelte gjenstandar kan ha særleg funksjon som identitetsmarkørar for spesielle grupper, som t.d. minoritetsfolk, religiøse og politiske grupper osv., eller dei kan også vekke kollektive minne. Gjenstandar og symbol som kan knytast til hendingar som rører ved heile samfunnet og som folk flest kjenner narrasjonen rundt, vil vere aktuelle for ei slik vurdering; t.d. terrorhandlingane 22. juli, eller høgtider som t.d. jul, påske og 17. mai.

Bruk

Innan denne kategorien er det fokus på korleis museet brukar gjenstanden/delsamlinga – om det er materiale som er brukt i formidling eller forskning, som kan påverkar omdømmet til museet eller som kan generere inntekter på ein eller annan måte.

Vedlegg 2C: Døme på definisjon av vurderingsrammer

| Kriterier | | Lav | Middels | Høy |
|-----------------------|----------------|---|---|---|
| Egenskaper | Tilstand | Ikke komplett, stort behov for konservering. Strukturelt ustabil | I god stand, evt små reparasjoner. Kun enkle konserveringsbehov. Strukturelt stabil | "Pent brukt", normal slitasje. Ikke vesentlige spor av rep./skadedyr |
| | Sammenheng | Gj.st. er bare en del av en større helhet | Kan utgjøre del av en funksjonell gruppe | Del av hel/komplett gruppe |
| | Opprinnelse | Kjenner liten eller ingen info, kun navn på giver | Navn på eiere/brukere, sikkert brukssted | Tidligere eiere/brukere, brukssted og annen historisk dokumentasjon |
| | Sjeldenhet | Godt representert i samlingene. Ikke produsert lokalt/regionalt? | Noe representasjon i samlingene. Representativ, men ikke enestående | Dårlig representert i samlingene. Tydelige referanser til produsent, stilepoke, periode |
| Kulturhistorisk | Historisk | Helt vanlig gjenstand uten spesiell tilknytning til særskilte grupper/hendelser | Kan trolig knyttes til kjent person, gruppe, hendelse | Faktisk tilknytning til hendelse med utfyllende info. Definert/avgrenset gruppe |
| | Kunstnerisk | Kan ikke knyttes til verken tid, konsept, kunstner, produksjon | Representerer bestemt stil, strømning | Spesielt design/konsept, utforming, teknikk, designer |
| | Informativ | Gjenstanden gir lite informasjon | Gjenstanden rommer noe informasjon. | Tydelig prod.teknikk/handverk. Kan være fragment uten verdi som "gjenstand" |
| Sosial-samfunnsmessig | Samfunnsmessig | Her må en spørre aktuelle grupper. Gi skåre etter vurderingsdiskusjon. | | |
| | Opplevelse | Gjenstanden gir ingen assosiasjoner til bestemte opplevelser eller minner | Relasjon til sanseoppl.evelse (syn, lukt, smak). Assosiativ opplevelse | Kollektiv opplevelse (krig, 22.07, høytider osv) |
| Bruk | Museal | Blir gjenstanden ofte brukt i utstillinger? | | |



Kulturrådet

Mølleparken 2

Postboks 8052 Dep

N-0031 Oslo

Tlf: +47 21 04 58 00

post@kulturradet.no

www.kulturradet.no